



Kinn kommune

Møtebok

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Festsalen, Florø kulturhus
Dato: 16.12.2024
Tid: Kl. 09:00 - 17:00

Følgjande medlemmer møtte	Parti
Jan Gunnar Holvik	INP
Lillian Bratholmen	INP
Anders Ole Sunnarvik	Kinn AP
Doris Christensen	Kinn AP
Ninja Tolo Ness	Kinn AP
Ola Teigen	Kinn AP
Silje Ødegård Standal	Kinn AP
Tor Åge Gravdal	Kinn AP
Frank Willy Pedersen Djuvik	Kinn FrP
Kjell Bjørn Refvik	Kinn FrP
Kjell-Magne Kvalheim	Kinn FrP
Miriam Johanne Nesje	Kinn FrP
Ronny Mobakken	Kinn FrP
Arlene Vågene	Kinn H
Bengt Solheim-Olsen	Kinn H
Dagrun Almenning Kvalheim	Kinn H
Hanne Eva Husebø Kristensen	Kinn H
Aud Norunn Vig	Kinn KrF
Gustav Johan Nydal	Kinn KrF
Daniel Erik Adrian Henriksson	Kinn Rødt
Geir Ole Oldeide	Kinn Rødt
Hege Chatrine Brandsøy	Kinn Rødt
Kjell-Jarle Oldeide	Kinn Rødt
Anita Eikevik	Kinn SP
Jan Arve Midtbø	Kinn SP
Sidsel Fænn Kongsvik	Kinn SP
Jon Valur Olafsson	Kinn SV
Siri Odijk Solbakken	Kinn SV
Anne Marit Seljeseth	Kinn V
Edvard Iversen	Kinn V
Jacob Andrè Telvik Nødseth	Kinn V
Anett Berg	UAH
Bente Olseth	UAH
Mats Brunsvik	UAH
Morten Andreas Hagen	UAH
Ørjan Kvalheim	UAH

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti
Stine Kråkenes Øvrelid	Kinn AP	Inger Strand Kvalheim	Kinn AP
Tove Lill Refvik Volle	Kinn AP	Bente Nygård	Kinn AP
Håkon Skram Heggen	UAH	Siri Sunde	Kinn H

Andre som møtte:

Vilde Johannesen, UKK
Kjell Heggen, leiar i Kontrollutvalet

Frå administrasjonen møtte:

Øyvind Bang-Olsen, kommunedirektør
Linda Nipen, kommunalsjef
Runa Nybakk, kommunalsjef
Norunn Stavø, kommunalsjef
Rolf Bjarne Sund, kommunalsjef
Ingunn Frislid Solheim, budsjetttrådgjevar
Linda Myhre Larsen, stabsleiar
Mari Halsør, spesialkonsulent
Henrik Ulriksen, spesialkonsulent

Repr. Miriam Nesje fråtredde møtet kl. 14.30, vararepr. Bjarne Holme tiltredde.
Repr. Silje Ødegård Standal fråtredde møtet kl. 15.30, vararepr. Frida Hegrans Selvik tiltredde.
Repr. Sidsel Kongsvik fråtredde møtet kl 16.35. Ingen vara.

39 stemmeberettiga i sakene 147/24, 149/24 - 168/24.
38 stemmeberettiga i sakene 148/24 og 169/24.

Ymse:

Kulturelt innslag frå Kinn kulturskule v/Simon Kornelius Bjørnsen.
Utdeling av arbeidsmiljøpris til Skavøypoll barnehage v/leiar Janne Halsør og Torill Solheim.

Sak 170/24 vart behandla etter sak 160/24.
Sak 148/24 vart behandla etter sak 169/24.

Habilitetsvurdering i sak 155/24.

Måløy, 09.01.2025

Bengt Solheim-Olsen
Ordførar

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
147/24	Godkjenning av innkalling og sakliste
148/24	Spørsmål
009/24	Spørsmål til kommunestyret - Møte med grendalaga
149/24	Godkjenning av møteprotokoll
150/24	Refererte skriv og meldingar
151/24	Temaplan for oppvekst 2022-2034- endeleg handsaming
152/24	KS debatthefte 2025
153/24	Møteplan 2025 - korrigert
154/24	Godkjenning av delavtale Svangerskaps-, fødsels- og barselomsorga mellom Helse Førde og Kinn kommune
155/24	Nye forskrifter for byggesak, oppmåling, plan og frikjøp av parkeringsplasser
156/24	Handlingsplan Bordgleder Kinn Kommune KF 2025
157/24	Drifts og investeringsbudsjett 2025- 2028 for Bordgleder Kinn kommune KF
158/24	Florø hamn Kinn kommune KF - Budsjett, økonomiplan og handlingsprogram 2025-2028
159/24	Revidert investeringsbudsjett Florø hamn Kinn kommune KF 2024
160/24	Havhesten Kinn kommune KF - Budsjett 2025, økonomiplan 2026-2028 og handlingsprogram 2025
161/24	Kinn utdannings- og ressurscenter KF: Budsjett, økonomiplan og handlingsprogram 2025-2028
162/24	Kinn utdannings- og ressurscenter KF: Revidert budsjett 2024 november
163/24	Kinn kommune - Budsjett, økonomiplan og handlingsprogram 2025-2028
164/24	Val av representantar til styret i Bordgleder KF
165/24	Val av medlem til styret i Hansenbakken borettslag
166/24	Val av Eldrerådet sin representant til styret i Hansenbakken borettslag
167/24	Val av nytt varamedlem til Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
168/24	Utval av faste møtefullmektige i Kinn forliksråd 2025 - 2028
169/24	Interpellasjonar
025/24	Interpellasjon til kommunestyret - Formidling av kystkultur
170/24	Revidert budsjett 2024 - Bordgleder KF



Saksnr.	Utval	Møtedato
147/24	Kommunestyret	16.12.2024

Godkjenning av innkalling og sakliste

KOST- 147/24 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent, med følgjande endringar:
Sak 164/24 utsetjast til neste møte, då ein ikkje er i mål med å setje saman eit kompetent styre for Bordgleder KF, der alle parti er einige.

Det vert innført taletid i dette møtet. 5 minutt pr. hovudinnlegg, 3 minutt pr. innlegg.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Behandling i Kommunestyret 16.12.2024:

Godkjenning av innkalling:

Ingen merknadar.

Godkjenning av sakliste:

FrP v/repr. Djuvik ber om at sak 164/24 utsetjast til neste møte, då ein ikkje er i mål med å setje saman eit kompetent styre for Bordgleder KF, der alle parti er einige.

Ordførar: sak 148/24 vert tatt opp før 169/24.

FrP v/repr. Djuvik foreslår innføring av taletid i dette møtet. 5 minutt pr. hovudinnlegg, 3 minutt pr. innlegg.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

Utsetjingsframlegg frå FrP v/Djuvik samrøystes vedteke.

Framlegg frå FrP v/Djuvik om taletid vedteke mot 16 røyster frå Venste, Raudt, Ap og 1 SP v/Midtbø.

KOST- 147/24 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent, med følgjande endringar:
Sak 164/24 utsetjast til neste møte, då ein ikkje er i mål med å setje saman eit kompetent styre for Bordgleder KF, der alle parti er einige.

Det vert innført taletid i dette møtet. 5 minutt pr. hovudinnlegg, 3 minutt pr. innlegg.



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 24/54626
Sakshandsamar: Mari Halsør
Dato: 09.12.2024

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
148/24	Kommunestyret	16.12.2024

Spørsmål

KOST- 148/24 Vedtak:

Ingen vedtak.

Behandling i Kommunestyret 16.12.2024:

SPM 009/24 Spørsmål frå Raudt v/repr. Geir Oldeide:

I punkt 2.12 i kommunen sitt Delegeringsreglement er det nedfelt at det skal haldast møte med alle grendalag i kommunen minst 2 gonger i året. Paragrafen har slik ordlyd: Ordførar, varaordførar, eller den som ordførar har oppnemnd skal gjennomføre minst 2 møter i året med grendelaga i kommunen.

Det nærmar seg slutten av første år i denne kommunestyreperioden og vi bed om at ordføraren gjer greie for korleis dette har blitt følgt opp i 2024.

Vi bed om svar på følgande:

1. Har bestemmelsen i reglementet blitt oppfylt?
2. Er det kun ordføraren som har gjennomført desse møta?
3. Ligg det føre referat eller rapport frå desse møta?
4. Dersom slike referat eller rapportar finst, vil dei bli tilgjengelege for kommunestyret?

Svar frå ordførar:

Det var gjennomført eit møte 21. mai, der alle grendalagene var invitert. Agendaen var i utgangspunktet breibandutbygging, nedklassifisering av kommunale vegar og nye båtruter og dialog med Skyss. Ordførar skal sjekke referatet.

Hatt møter med spesifikke grendalag gjennom hausten ifbm. båtrutene.

Ein må fine betre prosedyrer for å automatisk få inn møtereferatene som refererte skriv og meldingar i fleire saker.

Spørsmål frå Venstre v/repr. Nødseth:

1. Ønskjer status rundt kommuneplanens arealdel.
2. Vedrørande møte mellom Equinor og Kinn kommune. Kva var Equinor sitt budskap og kva var ordførar sitt budskap i møtet?

Svar frå ordførar:

Kjem tilbake til det, men var eit bra møte.

Spørsmål frå AP v/repr. Teigen:

Har tidlegare vedteke at Equinor og Statnett skal kallast inn til formannskapet eller kommunestyret, kva er status på dette?

Svar frå ordførar:

Det jobbast med saken, Statnett var i Region Fjordane førre veke og dei jobbar med å legge ut områdeplanen, som blir presentert 9. januar.

Spørsmål frå Venstre v/repr. Iversen:

Har det vore møte med fylkeskommunen om kostnadane vedrørande utviding av rv. 617 Kapellneset Raudeberg?

Svar frå kommunedirektøren:

Har hatt møte med fylkeskommunen, må jobbe meir med dei tekniske forutsetningane for kostnadsalkylene og korleis ein kan gjennomføre det på mest effektiv måte, skal ha møte etter nyttår. Skal orientere om dette i Formannskapet 18. desember.

Spørsmål frå SP v/repr. Midtbø:

1. Ønskjer status kring Brandsøyvegen.

Svar frå ordførar:

Det skal søkast dispesasjon om å få bygge den uten ny reguleringsplan.

2. Nordalsfjorden: støtte frå kommunen til veg til skulen?

Spørsmål frå SP v/repr. Eikevik:

Ønskjer statatus på sak om oversikt over telefon- og breibanddekning i kommunen.

Svar frå ordførar:

Kjem tilbake til det og legge opp til å fremje sak så raskt som mogleg.

KOST- 148/24 Vedtak:

Ingen vedtak.

Underliggande sak:

009/24, Spørsmål til kommunestyret - Møte med grendalaga



Saksnr.	Utval	Møtedato
009/24	Kommunestyret	16.12.2024

Spørsmål til kommunestyret - Møte med grendalaga

KOST- 009/24 Vedtak:

Behandling i Kommunestyret 16.12.2024:

KOST- 009/24 Vedtak:

Vedlegg i saken:

metadata_Interpellasjon og spørsmål



Saksnr.	Utval	Møtedato
149/24	Kommunestyret	16.12.2024

Godkjenning av møteprotokoll

KOST- 149/24 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Møteprotokoll frå siste møte ligg i Acos møteportal og på Kinn kommune si heimeside.

Behandling i Kommunestyret 16.12.2024:

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

KOST- 149/24 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Vedlegg i saken:

Protokoll - Kommunestyret - 14.11.2024



Saksnr.	Utval	Møtedato
150/24	Kommunestyret	16.12.2024

Refererte skriv og meldingar

KOST- 150/24 Vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Behandling i Kommunestyret 16.12.2024:

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding samrøystes vedteke.

KOST- 150/24 Vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Underliggende sak:

039/24, Fusjonsplan for SFE og Eviny

040/24, Handsaming av budsjett og økonomiplan - innsending til Statsforvaltaren

041/24, Rapport frå Visit FjordKysten og Sunnfjord, 2023-2024

042/24, Til ordførar - Hospitering i polske kommuner frå Kinn kommune



Saksnr.	Utval	Møtedato
043/24	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	18.11.2024
075/24	Oppvekst- og kulturutvalet	19.11.2024
113/24	Formannskapet	26.11.2024
151/24	Kommunestyret	16.12.2024

Temaplan for oppvekst 2022-2034- endeleg handsaming

KOST- 151/24 Vedtak:

1. Kinn kommunestyre vedtek temaplan for oppvekst 2022-2034, med prinsipp og føringar for tenesteutvikling i planperioden.
2. Stavang skule vert lagt ned med verknad frå 01.08.2025, og elevane vert overført til Florø barneskole, alternativt Eikefjord barne- og ungdomsskule. Sak om utgreiing av nytt opptaksområde for noverande Stavang skule, vert starta opp snarast.
3. Det vert innan våren 2026 arbeida fram grunnlag for områdeplanar for dei ulike bydelane som er omhandla i temaplan (Raudeberg, Skavøypoll, Florø Barneskole, Krokane, Torvmyrane og Brandsøy), der framtidig utnytting av områda med og utan skule vert drøfta og visualisert. Plan skal ta føre seg alle samfunnsforhold, som tettstadsutvikling, infrastruktur rundt objekta og tilkomst til og frå, tryggleik for barn og unge, knutepunkt, samhandling og andre funksjonar. Grunnlag må og samsvare med kommunen sin visjon om å halvere klimagassutslipp både innafor energi, transport, samt varer og tenester. Det må kome fram kostnadar både økonomisk og klimamessig. Arbeidet skal ha brei involvering.
4. Kommunedirektøren lagar ei ny utgreiing der ressursfordelingsmodellen for grunnskulen blir evaluert. Sak leggst fram våren 2026.

Vedtak som innstilling frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 18.11.2024

1. Kinn kommunestyre vedtek temaplan for oppvekst 2022-2034, med prinsipp og føringar for tenesteutvikling i planperioden.
2. Stavang skule vert lagt ned med verknad frå 01.08.2025, og elevane vert overført til Florø barneskole, alternativt Eikefjord barne- og ungdomsskule. Sak om utgreiing av nytt opptaksområde for noverande Stavang skule, vert starta opp snarast.
3. Raudeberg skule vert lagt ned med verknad frå 2027, og elevane vert overført til Nye Skram skule. Sak om utgreiing av nytt opptaksområde for noverande Raudeberg skule, vert starta opp snarast.
4. Krokane skule vert lagt ned med verknad frå 01.08.2028, og elevane vert overført med ei prosentvis fordeling mellom Florø barneskole som tek imot om lag 70 prosent av elevane og Torvmyrane skule som tek imot om lag 30 prosent

av elevane. Sak om utgreiing av nytt opptaksområde for noverande Krokane skule, vert starta opp snarast.

5. Nedlagde skulebygg skal i framtida ikkje nyttast til skuleføremål. Det vert arbeidd vidare med alternativ bruk i samsvar med saksframlegget. Presisering frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne: Det er enkelte krav som må innfris før Krokane skule kan nedlegges. Flora Barneskule må få plass ny gymsal, flere grupperom og være ihht krav om universell utforming. Dette er viktig for elevane som trenger tilrettelagt opplæring og som er avhengig av universell utforming, og trengs for å sikre det psykososiale miljøet til alle elever på en god måte.

Vedtak som innstilling frå Oppvekst- og kulturutvalet - 19.11.2024

1. Kinn kommunestyre vedtek temaplan for oppvekst 2022-2034, med prinsipp og føringar for tenesteutvikling i planperioden.
2. Stavang skule vert lagt ned med verknad frå 01.08.2025, og elevane vert overført til Florø barneskule, alternativt Eikefjord barne- og ungdomsskule. Sak om utgreiing av nytt opptaksområde for noverande Stavang skule, vert starta opp snarast.
3. Det vert innan våren 2026 arbeida fram grunnlag for områdeplanar for dei ulike bydelane som er omhandla i temaplan (Raudeberg, Skavøypoll, Florø Barneskule, Krokane, Torvmyrane og Brandsøy), der framtidig utnytting av områda med og utan skule vert drøfta og visualisert. Plan skal ta føre seg alle samfunnsforhold, som tettstadsutvikling, infrastruktur rundt objekta og tilkomst til og frå, tryggleik for barn og unge, knutepunkt, samhandling og andre funksjonar. Grunnlag må og samsvare med kommunen sin visjon om å halvere klimagassutslipp både innafor energi, transport, samt varer og tenester. Det må kome fram kostnader både økonomisk og klimamessig. Arbeidet skal ha brei involvering.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 26.11.2024

Kinn kommunestyre vedtek temaplan for oppvekst 2022-2034, med prinsipp og føringar for tenesteutvikling i planperioden.

Stavang skule vert lagt ned med verknad frå 01.08.2025, og elevane vert overført til Florø barneskule, alternativt Eikefjord barne- og ungdomsskule. Sak om utgreiing av nytt opptaksområde for noverande Stavang skule, vert starta opp snarast.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kinn kommunestyre vedtek temaplan for oppvekst 2022-2034, med prinsipp og føringar for tenesteutvikling i planperioden.
2. Stavang skule vert lagt ned med verknad frå 01.08.2025, og elevane vert overført til Florø barneskule, alternativt Eikefjord barne- og ungdomsskule. Sak om utgreiing av nytt opptaksområde for noverande Stavang skule, vert starta opp snarast.
3. Raudeberg skule vert lagt ned med verknad frå 2027, og elevane vert overført til Nye Skram skule. Sak om utgreiing av nytt opptaksområde for noverande Raudeberg skule, vert starta opp snarast.

4. Krokane skule vert lagt ned med verknad frå 01.08.2028, og elevane vert overført med ei prosentvis fordeling mellom Florø barneskule som tek imot om lag 70 prosent av elevane og Torvmyrane skule som tek imot om lag 30 prosent av elevane. Sak om utgreiing av nytt opptaksområde for noverande Krokane skule, vert starta opp snarast.
5. Nedlagde skulebygg skal i framtida ikkje nyttast til skuleføremål. Det vert arbeid vidare med alternativ bruk i samsvar med saksframlegget.

Bakgrunn for saka:

Temaplan for oppvekst 2022-2034 har i perioden 1. august 2024 til 30. september 2024 vore ute til offentleg høyring, etter vedtak i oppvekst og kulturutvalet i sak OPKUV-040/24. Det kom inn sju høyringsinnspel. Tre av innspela er knytt til det strategiske innhaldet i planen medan resten av innspela er knytt til skulestruktur i Kinn kommune. Saka om skulestruktur og ny gjennomgang av skulebygga var initiert av OPKUV i sak 012/24 og 024/24, og teke opp att til ny vurdering. Norconsult utarbeidde ein tilleggsrapport som svara ut utvalet sine spørsmål, og som var grunnlag for høyringsdokumentet til denne planen.

I kommuneplanen sin samfunnsdel kom det inn 9 høyringsinnspel knytt til skulestruktur. Kommunedirektøren har innlemma alle innspela til skulestruktur i handsaminga av temaplan for oppvekst, sjølv om nokre av innspela formelt berre er sendt til kommuneplanen sin samfunnsdel. Dette for å sikre ei heilskapleg og lik handsaming av spørsmåla knytt til skulestruktur.

Alle høyringsinnspela er vurdert i eit eige vedlegg til saka.

Saksopplysningar:

Temaplanen har tidlegare vore ute på offentleg høyring, med høyringsfrist 6. januar 2023. Det kom inn 9 høyringsinnspel, som i stor grad er omsyntatt i temaplan 2. utkast.

Temaplanen er og oppdatert til å i vareta:

- Lovkrav som følgjer av barnevernlova §15-1 første ledd om kommunen sitt ansvar for å førebygge omsorgssvikt og åtferdsvanskar.
- Føringar i ny opplæringslov gjeldande frå 01. august 2024.

I tillegg er temaplanen oppdatert med konsekvensar for særleg grunnskule som følgjer av demografiske endringar med synkande barnetal. Desse er samanfallande med kommuneplanen sin samfunnsdel.

Vurderingar:

Temaplan for oppvekst er ein strategisk plan for tenesteområda barnehage, grunnskule, PPT, barnevern, kulturskulen, vaksenopplæringa og helsestasjon. Planen gjeld og for samarbeid med relevante tenesteområde som mellom anna BUP, fysio-ergoterapiavdelinga, fastlegar, koordinerande eining og kultur. Målet med planen er å sikre heilskapleg grep om oppveksten i Kinn. Vi skal vere saman om å skape ein god oppvekst.

Arbeidet med temaplan vart starta opp i 2021. Temaplan låg klar til politisk handsaming etter høyring som var ferdig 06.01.23. Grunna arbeid med endringar i opplæringslova, gjeldande frå 1. august 2024, og ny barnevernslov gjeldande frå 1. januar 2023, vurderte kommunedirektør å innarbeide desse i oppvekstplan før ny handsaming. I tillegg vart det vurdert å ha med oppdaterte demografital, og konsekvensane det vil ha for oppvekstsektoren.

Kommunedirektøren vurderer at det har vore omfattande og grundige arbeidsprosessar i alle fasar av utarbeidinga av Temaplan for oppvekst 2022-2034. Alle tenesteområda har vore representert i arbeidsgrupper. Tenesteleiarane har arbeidd med problemstillingar i

nettverksmøter, og hatt innspel i prosessen og i utforminga av planen. I tillegg har vi hatt ekstern bistand av Norconsult ved utgreiing av moglege strukturtiltak i oppvekstsektoren. Rapportar frå Norconsult ligg som vedlegg i planen, med eigen elektroniske lenke.

Planen inneheld følgjande:

- Kapittel 1: Kort om planen.
- Kapittel 2: Rammevilkår for oppvekstsektoren med underkapitla Folketal og demografiutfordring i Kinn kommune, og dimensjonering av tenestene og ressursbruk i komande 10 års periode.
- Kapittel 3: omhandlar oppsummering av utfordringar og moglegheiter, med underkapitla; Demografi. Saman om ein god oppvekst. Inkluderande oppvekstmiljø. Digitale ferdigheiter hos barn, unge og tilsette og kompetanse og bemanning.
- Kapittel 4: omhandlar omstilling i oppvekst og undervisning, og inneheld korleis tenestene skal arbeide med omstilling.
- Kapittel 5: er målkapittelet i planen med handlingsplanar.
- Kapittel 6: er tiltaksoversikta som er gjeldande i Kinn for førebyggjande tiltak.

Tiltaksoversikta er delt inn i 3 underkapittel:


- 6.1 omhandlar universelle tiltak, det vil seie innsats retta mot alle barn og unge.
- 6.2 omhandlar selekterte tiltak, det vil seie tiltak som er retta mot grupper med kjend og/eller forhøga risiko for å utvikle vanskar.
- 6.3 er tiltaksoversikta på indikert nivå, som er retta mot individ med høg risiko eller klare teikn på utfordringar eller problem.

Dei fleste høyringsinnspela er knytt til skulestruktur. Tiltak knytt til skulestruktur er viktige føresetnadar for å sikre elevane god og likeverdig kvalitet i undervisninga, og å sikre eit berekraftig grunnskuletilbod.

Det vert i fleire høyringsinnspel, t.d. frå FAU ved Raudeberg skule, etterlyst eit betre kunnskapsgrunnlag for kva verknader nedlegging av ein skule kan få for eit lokalsamfunn.

I forskinga kring nedlegging av skular vert det lagt vekt på at motstanden mot skulenedlegging er sterk. Dette vert forklart med at den lokale skulen har eit opplevd trygt og godt læringsmiljø, samstundes som skulen har ei viktig rolle i heile lokalmiljøet. Det vert lagt vekt på skulen som samlingsplass for bygda. Det er i skulen sine lokale lag og foreiningar har møte, det er her det vert arrangert sosiale tilstellingar, gymsalen vert lånt ut og 17.mai arrangerast. Slik vert skulen skildra som limet som held bygda saman.(Sjå meir i [Lokalsamfunn av Mariann Villa og Marit S. Haugen](#)).

I Sentio si innbyggerundersøking gjennomført i samband med høyringa på Kommuneplanen sin samfunnsdel, får ein ei slik vurdering av dei som har delteke i undersøkinga:



Sentio skildrar funna slik:

Samla sett er 6 av 10 einige i at det er viktig å bevare skular i distrikta, sjølv om fleire klassetrinn må undervisast saman. Det er større breidde i svara på dette spørsmålet enn vi har sett tidlegare i undersøkinga, der 3 av 10 er ueinige.

Ein av dei største skilnadane er at menn er meir einige enn kvinner i påstanden. Der menn i gjennomsnitt svarar 67, på ein skala der heilt ueinig = 0 og heilt einig = 100, svarar kvinner tilsvarende 58. Vi ser og store skilnadar ut i frå kor dei bur.

Medan det tidlegare har vore forskjellar mellom Florø og Måløy by, er dei no relativt samstemde. Det er derimot dei utanfor Florø, i Flora-området som er meir einige i påstanden og dei utanfor Måløy, i Vågsøy-området som er mindreeinige. Det vil seie at dei i områda utanfor Florø er meir einige i at det er viktig å bevare skular i distrikta, medan dei i områda utanfor Måløy er meir ueinige i dette.

Ved ei skulenedlegging fryktar ein negative konsekvensar for lokalsamfunnet som t.d. manglande rekruttering/tilflytting av unge familiar samt sosiale og helsemessige konsekvensar ved lang skuleveg (Solstad; 2009,2014) Den same uroa finn vi skildra i høyringsinnspela knytt til Raudeberg skule og Krokane skule.

Det er gjort ein [litteraturgjennomgang i 2015 av Norsk senter for bygdeforskning](#) der det vert sett på samanhengen mellom skule, attraktivitet og folketalsutvikling:

«Nyere flyttemotivstudier i Norge og Norden viser at flytting domineres av sosiale og miljørelaterte motiv (Lundholm 2007, Sørli m.fl. 2012). Grunnskole og videregående skole er derimot ikke blant de viktigste motivene for å flytte til eller bli boende et sted (Båtevik m.fl. 2013, Sørli m.fl. 2012). I forskningslitteraturen (om grunnskolen) ser det ut til å være slik at skulenedleggelse er en konsekvens av at samfunnet uttynnes, og ikke omvendt. Båtevik m.fl. sier at denne litteraturen legger for mye vekt på flyttemotiv blant folk flest, mens foreldre med skolebarn og ungdom sjelden flytter – og heller tilpasser seg situasjonen der de bor.»

Vi har sett på folketalsutviklinga i tre lokale grunnkretsar der ein har lagt ned skular tidlegare. Dette kan gje ein peikepinn på kva konsekvensar det har hatt i lokalsamfunn i vår eigen kommune.

Kvalheim	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
0-5 år	16	17	15	15	14	10	7	6	7	5
6-19 år	24	25	26	28	34	31	34	39	40	41
20-66 år	92	93	88	87	87	86	81	77	72	76
67 år og eldre	22	20	20	20	23	22	29	30	33	32
Totalt	154	155	149	150	158	149	151	152	152	154

Tabell 1: Folketalsutvikling frå 2015-2024. Kjelde: Framsikt

Våge - Oppedal	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
0-5 år	17	22	19	14	14	15	12	12	11	11
6-19 år	45	45	48	45	45	44	53	46	46	47
20-66 år	155	151	143	148	147	143	140	142	135	135
67 år og eldre	33	31	38	41	41	44	45	51	54	57
Totalt	250	249	248	248	247	246	250	251	246	250

Tabell 2: Folketalsutvikling frå 2015-2024. Kjelde: Framsikt


Holvik	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
0-5 år	26	26	26	24	16	18	17	25	27	33
6-19 år	83	77	76	69	65	61	59	58	61	62
20-66 år	234	223	220	214	213	204	207	209	211	212
67 år og eldre	51	54	53	55	56	57	60	61	57	62
Totalt	394	380	375	362	350	340	343	353	356	369

Tabell 3: Folketalsutvikling frå 2015-2024. Kjelde: Framsikt

Som vi kan lese ut av tabellane ser vi at Kvalheim og Oppedal har eit jamt folketal 12 år etter at skulane er lagt ned. Kvalheim har i åra frå 2015 –2024 hatt ei auke i folketal i aldersgruppa 6-19 år. Vi ser tydeleg at det i perioden vert færre born i aldersgruppa 0-5 år (rekruttering inn i skulen) medan det vert færre i arbeidsfør alder og fleire som er 67 år og eldre. Holvik har, sjølv med befolkningsnedgang, ein auke i tal born 0-5 år.

Ut i frå dette er det grunn til å stille spørsmål ved om det er skulen som er avgjerande for om folk ønskjer å etablere seg i bygdene. Kan det vere som vi finn i eit høyringsinnspel frå ein føresett i Skavøypoll barnehage, andre faktorar som spiller inn? I høyringsinnspelet vert det stilt spørsmål om andre faktorar som bustadtomter, opparbeidde turområde, nærleik til sjø, trygge gangveggar, kollektivtransport, gode leikeplassar har meir å seie for kvar ein buset seg.

Illustrasjonen under viser den nasjonale utviklinga knytt til skulenedlegging dei siste ti åra. Som ein kan sjå av framstillinga er det flest skulenedleggingar i Vestland fylke samstundes som dette er eit fylke med lågare grad av nyoppretting av skular. Lågt elevtal og økonomiske omsyn i kommunen er viktige årsaker til at ein skule vert lagt ned skriv [Utdanningsdirektoratet si analyse](#).



Det er stor spreiding i størrelsen på skulane i Kinn kommune. Mange mindre skular er ein av årsakene til det høge kostnadsnivået i grunnskulen, slik Agenda Kaupang si analyse viser. På landsbasis er det særleg skular med færre enn 100 elevar som vert lagt ned. Skular som har blitt lagt ned har i gjennomsnitt 74 elevar siste driftsåret.

Kommunedirektøren si oppsummering:

Fleire av høyringsinnspela knytt til skulestruktur uttrykkjer uro for framtida til lokalsamfunna der skulen er føreslått nedlagt. I vurderinga av desse innspela har vi ikkje funne tilstrekkeleg dokumentasjon på at vi taper tilflytting av nye innbyggjarar til kommunen ved å gjere endringar i skulestruktur. Det er i aktuell litteratur peika på at andre forhold som arbeidsmarknad, jobb for to, bustad, godt oppvekstmiljø, godt sosialt miljø og møteplassar er med på å påverke tilflytting og at ein blir verande i bygda

Ei berekraftig grunnskuleopplæring i Kinn kommune – rammeføresetnader og strukturendringar

Kinn kommune treng skular med god fysisk utforming, funksjonalitet som fremmar læring og som er tilpassa eit framtidig elevtal i kommunen. Ved å redusere tal skular vil vi kunne tilpasse den økonomiske og pedagogiske drifta til eit lågare elevtal og soleis gje elevane i kommunen eit meir likeverdig undervisningstilbod. Det vil også verte lettare å rekruttere lærarar og naudsynt kompetanse i profesjonsfellesskapet.

Framlegga i økonomiplan, temaplan for oppvekst og kommuneplanen sin samfunnsdel baserer seg på nedlegging av Krokane, Stavang og Raudeberg skule.

Elevtalsutvikling i grunnskulen

Årstrinn	2020/21	2021/22	2022/23	2023/24	2024/25
1-7.trinn	1 543	1 488	1 494	1 471	1 390
8.-10.trinn	689	711	718	744	745
Sum elevar	2 232	2 199	2 212	2 215	2 135

Tabell 4: Utvikling i tal grunnskuleelevar i Kinn kommune GSI tal.

Som vi kan sjå av tabellen er elevtalsnedgangen frå skuleåret 2023/24 til 2024/25 på 80 elevar, sjølv med det relativt store talet elevar skulane har teke imot av busette i denne perioden. Elevtalsnedgangen er soleis ikkje berre noko som ligg i prognosane, men ein realitet som vi har sett dei siste åra.

For dei skulane som er råka i strukturframlegget til kommunedirektøren ser vi ei slik elevtalsutvikling frå skuleåret 2019/20.

Skule	19/20	20/21	21/22	22/23	23/24	24/25
Florø barneskole	515	497	471	463	444	417
Krokane skule	193	198	191	178	161	148
Raudeberg skule	102	107	102	99	89	78
Skram skule	246	231	235	235	251	239
Stavang skule	19	16	11	14	16	12

Tabell 5: GSI tal for elevtalsutvikling for skulane som vert råka av strukturframlegget til kommunedirektøren

I tabellane under framskriv vi elevtalet ved skulane ut i frå dei barna som er i barnehage, samt dei som står på venteliste til barnehage. Då ser vi elevtalsutviklinga opp mot prognosetala henta frå Norconsult sin [tilleggsrapport](#). Teljinga tar utgangspunkt i barna si folkeregistrerte adresse i dag. Elevtalsframskrivingane i tabellane tek ikkje omsyn til inn/utflytting, men det gjer prognosetala.

Mobiliteten (flytting) mellom opptaksområda i Florø sentrum er stor.

Elevtalsutvikling ved Florø barneskole

	2024/25	2025/26	2026/27	2027/28	2028/29	2029/30
1. klasse	61	55	51	67	49	57
2. klasse	62	61	51	50	63	46
3. klasse	60	62	61	51	50	63
4. klasse	66	60	62	61	51	50
5. klasse	58	66	60	62	61	51
6. klasse	56	58	66	60	62	61

7. klasse	54	56	58	66	60	62
Totalt	417	418	409	417	396	390
Prognose	462	461	461	455	452	442

Tabell 6: Framskriving av elevtal ved Florø barneskole sett opp mot prognose nytta av Norconsult.

Elevtalsutvikling Krokane skule

	2024/25	2025/26	2026/27	2027/28	2028/29	2029/30
1. klasse	19	11	26	19	15	17
2. klasse	13	19	11	26	19	15
3. klasse	24	13	19	11	26	19
4. klasse	20	24	13	19	11	26
5. klasse	28	20	24	13	19	11
6. klasse	16	28	20	24	13	19
7. klasse	28	16	28	20	24	13
Totalt	148	131	141	132	127	120
Prognose		124	128	127	125	120

Tabell 7: Framskriving av elevtal ved Krokane sett opp mot prognose nytta av Norconsult

Som vi kan sjå av tabellen har Florø barneskole hatt ein relativt stor elevtalsnedgang dei siste åra. Skulen har skuleåret 2024/25 98 elevar færre enn i skuleåret 2019/20.

Elevtalsnedgangen er for Krokane skule er 50 elevar i same tidsperiode. Vi må tilbake til skuleåret 1997/98 for å finne eit like lågt elevtal (427 elevar) som Florø barneskole har i inneverande skuleår. Krokane skule hadde til samanlikning 355 elevar skuleåret 1997-98. Torvmyrane skule opna skuleåret 1998-99 grunna elevtalsveksten i opptaksområdet Krokane. Bydelen fekk slik to skular med eigne opptaksområde.

I eit av høyringsinnspela vert det peika på at Florø barneskole er overfylt og at dette kan føre til at elevar ikkje vert sett og difor ikkje føler seg trygge. Høgskolen i Innlandet laga i 2022 i kunnskapsoppsummering om «[Skolestørrelse og sammenhenger med elevenes trivsel og læring](#)» I denne rapporten vert det konkludert med at; «Gjennomgang av forskning omkring sammenhengen mellom elevens trivsel og omfanget av mobbing og skolestørrelse viser at størrelsen på skolen har tilnærmet ingen betydning for elevenes trivsel og omfanget av mobbing. Størrelsen på skolen forklarer alene ikke om elevene trives eller ikke trives på skolen, selv om det er en svak tendens til at elever på småskoletrinnet trives noe dårligere på skoler med mindre enn 150 elever». Det vert vidare peika på pedagogiske variablar knytt til leiing, samarbeid mellom lærarar, vennskap og undervisning som kan gje ei forståing av og forklaring på at skular bør ha ei viss storleik, og at både for små og for store skular kan ha nokre utfordringar.

Elevtalsutvikling Raudeberg skule

	2024/25	2025/26	2026/27	2027/28	2028/29	2029/30
1. klasse	6	2	5	10	8	10
2. klasse	9	6	2	5	10	8
3. klasse	9	9	6	2	5	10
4. klasse	12	9	9	6	2	5
5. klasse	14	12	9	9	6	2
6. klasse	17	14	12	9	9	6
7. klasse	11	17	14	12	9	9
Totalt	78	69	57	53	49	50
Prognose		69	64	64	64	64

Tabell 8: Framskriving av elevtalsutvikling ved Raudeberg skule (skulen sine eigne tal) sett opp mot prognose nytta av Norconsult

Elevtalsutvikling ved Skram skole

	2024/25	2025/26	2026/27	2027/28	2028/29	2029/30
--	----------------	----------------	----------------	----------------	----------------	----------------

1. klasse	29	23	26	33	24	21
2. klasse	40	29	23	26	33	24
3. klasse	31	40	29	23	26	33
4. klasse	37	31	40	29	23	26
5. klasse	34	37	31	40	29	23
6. klasse	30	34	37	31	40	29
7. klasse	38	30	34	37	31	40
Totalt	239	224	220	219	206	196
Prognose	235	233	236	226	215	209

Tabell 9: Framskriving av elevtalsutvikling ved Skram skole sett opp mot prognose nytta av Norconsult

Elevtalsframskriving og kapasitet ved Nye Skram skule

I Norconsult sin tilleggsrapport finn vi i *kap.5 Nye Skram skule – vurdering av eksisterande planar*, ei kapasitetsanalyse av vedteken utbyggingsløyising. Under ser ein berekna kapasitet med utgangspunkt i ulike arealavsettingar pr. elev:

- Med 2,5 m² pr elev gir dette et snittareal til å handtere 258 elevar eller om lag 36 elevar pr årssteg. (vanleg å planleggje nye skular etter dette talet).
- Med 2,25 m² pr elev gir dette et snittareal til å handtere 287 elevar eller om lag 41 elevar pr årssteg (forsvarleg når det er støtteareal i og rundt klasseromma)
- Med 2,0 m² pr elev gir dette snittareal til å handtere 323 elevar eller om lag 46 elevar pr årssteg (forsvarleg når det er støtteareal i og rundt klasseromma)

Til informasjon er Eikefjord skule (ferdigstilt i 2016) og Brandsøy skule (ferdigstilt i 2020) bygd med utgangspunkt i maksbelastning på 2 m² pr. elev.

Elevtalsframskriving for Skram skole + Raudeberg skule, faktisk talde elevar

	2024/25	2025/26	2026/27	2027/28	2028/29	2029/30
1. klasse	35	25	31	43	32	31
2. klasse	49	35	25	31	43	32
3. klasse	40	49	35	25	31	43
4. klasse	49	40	49	35	25	31
5. klasse	48	49	40	49	35	25
6. klasse	47	48	49	40	49	35
7. klasse	49	47	48	49	40	49
Totalt	317	293	277	272	255	246

Tabell 10: Framskriving av elevtalsutvikling ved Skram skole + Raudeberg skule, faktisk

talde elevar, utan inn-/utflytting.

Prognose elevtalsutvikling Skram skole + Raudeberg skule

	2024/25	2025/26	2026/27	2027/28	2028/29	2029/30
1. klasse	32	36	42	37	38	38
2. klasse	38	33	37	43	38	39
3. klasse	48	39	34	37	43	38
4. klasse	50	48	39	34	38	43
5. klasse	50	50	48	40	35	38
6. klasse	46	50	50	48	40	35
7. klasse	48	46	50	50	48	40
Totalt	317	293	277	272	255	246

Tabell 11: Framskrivning av elevtalsutvikling ved Skram skole + Raudeberg skule, prognose nytta av Norconsult i tilleggssrapport

Dersom ei samanslåing med Raudeberg gjev mange årssteg over 46 elevar kan dette skape utfordringar knytt til klassedeling og tal klasserom. Som ein ser av tabellen over vil det vere tre trinn som har over 46 elevar skuleåret 2026/2027, to trinn som er over 46 elevar skuleåret 2027/2028 og eitt trinn skuleåret 2028/2029. Dette er likt i begge tabellane. I den eine tabellen vil der også vere eit trinn over 46 elevar skuleåret 2029/2030. Etter dette er det ingen kull, verken i talde born, eller prognose som er over 46 elevar.

I tabellen med faktisk talde barn er det eitt kull som berre er 25 elevar. Desse vil kunne vere i eitt av dei største klasseromma og soleis frigjere eitt klasserom til evt. tredeling. Nye Skram skole er planlagt med eige SFO-rom, som ikkje er tenkt nytta til klasserom i skuletida. I ein overgangsperiode vil det vere fullt mogleg å nytte dette rommet til t.d. klasserom for 1. trinn, slik som er vanleg på dei fleste skular i dag. Med dette vil vi kunne ha tre parallellar på to trinn, og framleis vere innanfor lovkrava til areal per elev.


Både prognose og faktisk talde born viser at storleiken på kulla ved ein samanslått Nye Skram skole etter kvart kan ligge kring 30-35 elevar for dei fleste årsstega.

Elevkapasitet i skulebygga

Den samla elevkapasiteten i skulebygga i Kinn kommune ligg på 3000 elevplassar. I dag nyttar vi 2 135 av desse plassane, dette gjev pr. i dag ein overkapasitet på 865 elevplassar. Det er difor eit poeng i skulestrukturvurderinga å få redusert tal skulebygg som er i drift, slik at kostnadene til drift og vedlikehald vert redusert. Ved å redusere talet på skulebygg reduserer ein også framtidige investeringskostnader til rehabilitering

av dei eldste skulebygga våre som t. d Krokane skule. Kinn kommune har eit stort vedlikehaldsetterslep knytt til skulebygg.

Innbyggerundersøkinga gjennomført av Sentio i samband med høyring av Kommuneplanen sin samfunnsdel viser korleis innbyggerane i utvalet vurderer påstanden om at vi må redusere tal skulebygg for å oppnå tilfredsstillande kvalitet på dei gjenverande skulebygg.



Sentio skildrar funna slik:

Samla sett er litt under halvparten av respondentane einige i at ein må redusere tal skulebygg for å oppnå tilfredsstillande kvalitet på gjenverande skulebygg.

Vi ser at det er skilnadar ut i frå kor gammal ein er, men det er ikkje snakk om store skilnadar. Dei under 30 er i noko mindre grad einige i påstanden enn dei som er eldre, men dette er først og fremst tydeleg på andelen som er heilt einig. Dei har ikkje ein større andel som er ueinige, men er altså mindre til stades i ytterpunktet heilt einig. Menn svarer oftare enn kvinner at dei er heilt ueinige, og dei har ein høgare andel som er nøytrale enn kvinnene. Det er ikkje nokre store skilnadar på kor einige dei er totalt sett. Det er ikkje store forskjellen på andelen som er einige og andelen som er ueinige, med 37 prosent ueinige og 46 prosent einige.

Ny ressursfordelingsmodell for tildeling av ressursar til drift av grunnskulen

Kinn kommune har valt ein elevtalsbasert modell for tildeling av ressursar til grunnskulane. Målsettinga med å innføre modellen var at det skulle vere ei likeverdig fordeling av ressursar mellom skulane og for at det var behov for å innføre ein modell som kunne handtere demografiutviklinga med synkende elevtal.

Prinsippa i den nye modellen er at kvar skule får ein lik grunnressurs, samt ein 50 prosent rektorstilling. Etter det er det elevtalet som styrer timane som vert tildelt til ordinær undervisning knytt til årstimetallet i faga, individuelt tilrettelagt undervisning, personleg assistanse, leining osv.

Om ein ikkje gjer strukturtiltak vil konsekvensen vere at vi anten ikkje klarar å innfri lovkravet om lærartettleik (lærarnorma) på dei store skulane, eller at der ikkje er nok midlar til å sikre forsvarleg drift av dei små skulane. Skular med få elevar vil få problem med å drifte skulen innanfor ramma dei får tildelt i modellen, då driftskostnaden per elev blir vesentleg høgare enn summen ein får tildelt per elev. Desse skulane vil måtte gjere store endringar i organiseringa av drifta for å halde budsjettamma, som t.d. å gå over til få-delt drift. Det vil seie at elevar frå fleire klassetrinn får opplæring i same klasse. Sjølv om skulane gjer store endringar i

opplæringstilbudet til elevane, vil ein likevel måtte tilføre sektoren friske midlar om ein ikkje gjer endringar i skulestruktur.

Rekruttering og sterke profesjonsfelleskap i skulane

I temaplan for oppvekst vert det lagt vekt på utfordringar knytt til å rekruttere nok fagfolk i åra som kjem. Mange er også uroa for rekrutteringa til grunnskulen. Der vi dei siste åra ser ein nedgang i tal søkjarar til lærarutdanninga.

I dei områda som allereie no ser utfordringar knytt til rekruttering av lærarar i grunnskulen ser ein at dette er særleg vanskeleg på 1.-4.trinn. Dette gjeld særleg for skular utanfor tettstader eller kommunesenter, skular som er langt unna kollektivtilbod og skular som etterspør spesiell kompetanse.


Mange lærarstudentar vel lærarutdanning for 5.-10.trinn og i mindre grad 1.-7.trinn. Dette kan forklare noko av utfordringane ein ser knytt til rekruttering på 1.-4. trinn. Store skular har vesentleg mindre utfordringar med rekruttering enn mindre skular kjem det fram i rapporten [SØF-rapport nr. 04/23 Rekruttering av lærere ved norske skoler.](#)

Forklaringa på dette kan vere at lærarane ønskjer større fagmiljø og moglegheit til å undervise i dei faga dei har kompetanse i.

I dei seinare åra er det blitt lagt sterk vekt på kor viktig det tverrfaglege samarbeidet mellom skulen og dei ulike hjelpetenestene er for at barn og unge skal få den hjelpa dei treng når dei treng den. I ny opplæringslov som vart tatt i bruk i august 2024 er PPT (pedagogisk-psykologisk teneste) si rolle i å hjelpe skulen i det førebyggjande arbeidet og i arbeidet med tilpassa opplæring samt intensiv opplæring frå 1.-4.trinn er tydeleggjort i den nye lova. Med ein tilpassa skulestruktur kan PPT sine ressursar i dette viktige arbeidet konsentrerast.

Dette er moment som og ligg til grunn i Norconsult sin [rapport](#).

Sentio har og gjort ei undersøking i innbyggjarutvalet der dei spør kor einig/ueinig innbyggjarane er i at større skular gir eit betre arbeids- og læringsmiljø.



Sentio tolkar funna slik:

I svara på dette spørsmålet er det store skilnadar ut i frå område, der dei i Vågsøy er meir einige i påstanden enn det dei i Flora er. Men –det er tilnærma identiske svar i Florø og i Måløy, dei skilnadane vi ser på områda Flora og Vågsøy, er på grunn av dei som bur utanfor byane.

6 av 10 som bur i Flora-området utanfor Florø, er ueinige i denne påstanden. I same område er 2 av 10 einige. 3 av 10 som bur i Vågsøy-området, men utanfor Måløy er ueinige i påstanden og nesten halvparten er einige i påstanden.

Områda svarer og meir i ytterkantane, der 4 av 10 av dei utanfor Florø svarer at dei er heilt ueinige(og dermed 2 av 10 noko ueinig), og dei utanfor Måløy har «berre» 15 prosent som er heilt ueinige.

Kommunedirektøren si vurdering

Kommunedirektøren er sterkt uroa for tilbudet til elevane om vi ikkje gjer strukturendringar no. Kommunen har ikkje økonomi til å rehabilitere alle skulebygga som

er i drift i dag, og ein må difor prioritere blant skulebygga. Driftssituasjonen er kritisk, og justering av grunnskuleramma til same nivå som samanlikningskommunane er særskild utfordrande. Ut i frå fleire av bygga sin forfatning er det uklårt kor lenge vi kan drive dei utan omfattande pålegg. Vi bør difor gjennomføre endringar på ein planlagt og trygg måte. Ein skulestruktur med færre og større skular vil og kunne bidra til ei betre rekruttering og sterkare profesjonsfellesskap i skulane.

Barnets beste vurdering

I tiltak som kommunen foreslår som vil kunne ha direkte eller indirekte konsekvensar for barn, skal barnets beste vere eit grunnleggjande omsyn. Ei vurdering av barn sine rettar skal sikre at konsekvensane for barn er kartlagt og barnets beste vurdert. Dette er naudsynt for at grunnlaget som ein tek avgjersle på er godt nok. Ei vurdering av barnets rettar kartlegg kva konsekvensar eit tiltak vil kunne ha for barn sine ulike rettigheter.

Lovgrunnlaget ligg i [Grunnloven § 104](#) og [FN sin barnekonvensjon](#) artikkel 3 og 12.

Korleis kan eit skulestruktur vedtak påverke elevane ved dei ulike skulane?

Rettigheter i barnekonvensjonen som kan vere råka i høve spørsmålet om ny skulestruktur i Kinn kommune er:

Artikkel 31-1 Retten til hvile og fritid: Partene anerkjenner barnets rett til hvile og fritid og til å delta i lek og fritidsaktiviteter som passer for barnets alder og til fritt å delta i kulturliv og kunstnerisk virksomhet.)

*Artikkel 28 punkt 1 ledd e: Partene anerkjenner barnets rett til utdanning, og med sikte på å oppnå denne rett gradvis og på grunnlag av like muligheter skal de særlig:
e) treffe tiltak for å oppmuntre til regelmessig skolegang og for å redusere antallet av dem som ikke fullfører skolegangen*

Skuleveg og barnets beste vurderingar i høve «artikkel 31-1 Retten til hvile og fritid»:

Ei skulenedlegging kan føre til at fleire elevar vert avhengige av skuleskyss, og at dei som alt har slik skuleskyss, får lengre skyss. I rapporten "[Meir skyss – mindre helse](#)" vert det stilt spørsmål om ein ved skulenedleggingar tek frå stadig fleire barn og unge "den naturlige mosjon som gang og sykling... til og frå skulen representerer". S.1. Og om sentralisering av skuletilbod kan forsvare ut frå eit folkehelseperspektiv. Rapporten viser til at elevar kan få fysiske plager som t.d. kvalme av skuleskyssen, for nokre elevar vil desse plagene gje ubehag og ei tid etter at skulereisa er slutt, dvs. i skuletida.

Det er ikkje sett maksimale reisetider for skuleskyss i lovverket og elevane må akseptere ei viss reisetid i samband med skuleskyssen. Skyss etterstreber å organisere ei samla reisetid (gangtid, ventetid og tid med transportmiddel) innanfor følgjande rammer:

- Omlag 45 minutt for 1-4.årstrinn
- Omlag 60 minutt for 5.-7.årstrinn
- Omlag 75 minutt for 8.-10.trinn

Elevane ved Krokane skule

Ved ei flytting av elevane ved Krokane skule til Torvmyrane skule og Florø barneskule vil elevane framleis kunne gå og sykle til skulen. Elevane vil kunne nytte lyssett gang og sykkelveg til og frå dei nye skulane sine. Elevane i 1. klasse vil ha rett til skuleskyss om dei bur meir enn 2 kilometer unna skulen. Det er soleis kommunedirektøren si vurdering av dette må reknast som ei mindre inngripande endring for elevane ved Krokane skule i høve skuleveg. Elevane sin rett til lek og fritid vil i liten grad verte råka, då dei kan gå/sykle til skulen og nytte det same fritidstilbodet dei har nytta tidlegare.

Elevane ved Raudeberg skule

Mange av elevane som går ved Raudeberg skule har skuleskyss i dag. Ved flytting til

Skram skule, vil alle elevane ha rett til skyss. Elevar på 2-10.trinn som bur meir enn 4 km frå skulen har rett til gratis skyss. For elevar på første årstrinn er skyssgrensa 2 km.

Reisetida for elevane som sokner til Raudeberg skule er slik i dag:

- Frå Kvalheim – til Raudeberg skule: 13 minutt (eigen buss)
- Frå Halsør til Raudeberg skule: 21 minutt
- Frå Vedvik til Raudeberg skule: 14 minutt
- Frå Refvik – Raudeberg skule: 10 minutt (lengste avstand i bygda)

Vert Raudeberg skule vedtatt lagt ned vil elevane få slik ny estimert skysstid til Skram skule dersom skyssen går slik som i dag:

- Frå Kvalheim: 33 minutt
- Frå Halsør: 39 minutt
- Frå Vedvik: 32 minutt
- Frå Refvik: 32 minutt
- Frå Raudeberg: 18-20 minutt

Som ein kan sjå av dei estimerte tidene vil elevane som allereie nyttar skyss få ei lengre tid på buss. At elevar får ei lengre skysstid er ikkje ønskjeleg. Ingen av elevane som no sokner til Raudeberg skule få ei skysstid som overstig 45 minutt.

Tiltak som kan redusere eventuelle negative konsekvensar:

Alternativt kan det settast opp skyss:

- Vedvik – Halsør - Raudeberg – Måløy,
- Refvik – Raudeberg – Måløy og
- Kvalheim – Raudeberg – Måløy.

Slikt skyssoppsett vil gje kortare reisetid for elevane frå Halsør. Denne skyssen vil og gjelde for elevar til ungdomsskulen og vidaregåande skule. Det er Vestland fylkeskommune som tek avgjerd om skuleskyss.

Ei nedlegging av Raudeberg skule vil kunne gje auka skyssutgifter tilsvarende 255.000 kroner.

Elevane ved Stavang skule:

Elevane frå Stavang skule som skal ta til ved Eikefjord barne- og ungdomsskule vil kunne nytte buss på heile reisevegen. Lengste reiseveg for dei elevane som er ved Stavang skule i dag vil vere maks 45 minutt fram til Eikefjord barne -og ungdomsskule. Med slik reisetid er ein innanfor Skyss sine rammer for reisetid. Det er difor kommunedirektøren si vurdering at dette må reknast som akseptabelt.

Elevane som skal ta til ved Florø barneskole vil måtte nytte ulike transportmiddel for å komme seg til skulen. Dei vil måtte nytte buss fram til Veiesund kai, vente på kaia, ta båt til Florø og buss vidare til skulen. Elevane vil få ei slik estimert reisetid:

Stavang – Veiesund kai estimert tid: 15 minutt

Veiesund kai - Florø hamn estimert tid: 25 minutt

Florø hamn- Florø barneskole estimert tid: 5 minutt

Aktiv reisetid: 45 minutt pluss ventetid mellom transportmidla.

Reisetida i seg sjølv er i stor grad innafor Skyss sine rammer, men sidan elevar i alderen frå 5 år og oppover må byte transportmiddel undervegs vil dette vere ein meir krevjande skuleveg.

Tiltak som kan redusere eventuelle negative konsekvensar:

Om alle elevar ved Stavang skule har Eikefjord barne- og ungdomsskule som nærskule kunne ein eliminere utfordringane med byte av transportmiddel for elevane. I den grad det er slik at elevane i Stavang, Stavøy og Svortevik/Standal nyttar fritidstilbod i Eikefjordområdet vil ein også kunne redusere køyring til og frå fritidsaktivitetar.

Kommunen har vore i dialog med Skyss om problemstillinga. Kinn kommune må i samarbeid med føresette vurdere om det er trong for tilsyn med einskilde elevar ut frå alder og mogning under transport. Ungdomsskuleelevane frå Stavang skule følgjer same skyssen og vil kunne hjelpe yngre elevar under transport. Det kan og vere føresette som nyttar same skyss for å komme til arbeid i Florø som kan følgje eigne born.

Oppsummering av barnets beste vurdering knytt til skyss

For alle tre skulane som er føreslegne nedlagde vil ikkje nye skyssmåtar/skysstider vere utanfor det kommunedirektøren vurderer som akseptabelt. Det vil også vere mogleg for borna å nytte fritidsaktivitetar som tidlegare. Unnataket her kan vere yngre elevar som er busett på Stavøy og skal gå på Florø barneskole som gjerne ikkje har høve til å følgje andre rutetider enn dei som er sett som skuleskyss.

Skulebyte og barnets beste vurdering

Ei skulestrukturendring vil kunne medføre ei stor omstilling for elevane dette gjeld. For nokre elevar kan det å byte skulemiljø vere krevjande. Å skifte frå eit nært og kjent skulemiljø til noko ukjent og større kan vere utfordrande. For andre elevar vil dette gje høve til å skape nye vennskap og relasjonar.

Barnet sitt høve til å oppretthalde relasjonar: Elevane ved Krokane skule og Raudeberg skule vil ha høve til å oppretthalde relasjonar til nære venner sidan alle elevane vil gå over til ny skule. For elevane i Stavang er prosessen med overgang til ny skule byrja og dei får høve til ei gradvis oppbygging av nye vennskap på den nye skulen.

Sårbarheitssituasjon: For dei elevane som er få i aldersgruppa kan det opplevast som meir krevjande om dei skal inn i veletablert klassegrupper med mange fleire elevar enn det dei er vande med. Dette vil stille krav til overgangsprosessane som det må leggjast til rette for.

Å handtere og meistre overgangar mellom skuleslag er likevel ei naturleg del av elevane si utvikling og mogning. Kinn kommune har prosedyre for overgangar mellom barnehagar, mellom barnehage og skule, og overgangar mellom skular. Det er såleis ei brei erfaring i og mellom tenestene for å ivareta elevane i overgangssituasjonar. Ved endringar i skulestrukturen vil elevane oppleve «overgang til ny skule» på ein annan måte. Dette vil gjelde både elevane som skal til ein ny skule, og elevane som allereie går på skulen og som får nye elevar i klassen.

Tiltak som kan redusere eventuelle negative konsekvensar:

Erfaringar vi har i Kinn, er at det er viktig at skulane og føresette i god tid startar eit samarbeid om å legge til rette for gode prosessar slik at elevane kan bli kjende og trygge i det nye skulemiljøet. Slikt arbeid bli ekstra viktig når det er snakk om å slå saman skular som t.d Raudeberg og Skram, Florø barneskole og Krokane skule (70 prosent) og Krokane skule (30 prosent) og Torvmyrane skule.

Vekting av barnets beste opp mot andre relevante omsyn.

Den konkrete vektinga av barnets beste i høve at elevar ved skulenedlegging vil måtte byte skule, samt at mange elevar får ei lengre reisetid til skulen vil i denne saka vegast opp mot :

- Kinn kommune sine økonomiske utfordringar der det innafor oppvekstsektoren er lagt opp til ein rammereduksjon på 46 millionar kroner.
- Overkapasitet i skulebygga ut frå tal elevar pr. i dag, som vert ytterlegare forsterka ved ein framtidig elevtalsnedgang. Dette gjev behov for å redusere drift, vedlikehald og rehabilitering av færre skulebygg.
- Sikre framtidig rekruttering til sterke profesjonsfellesskap i større skular.

Kommunedirektøren har vurdert dei ulike omsyna og tilrår at ein går vidare med dei tilrådde strukturtiltaka i M1 alternativet.

Norconsult har i sin [rapport](#) (side 42) gjort ei oppsummering av konsekvensane knytt til M1 alternativet som er kommunedirektøren sin tilråding til ny skulestruktur i Kinn kommune.

Aktuelle vurderingar knytt til etterbruk av skuleanlegg

Raudeberg skule

Skulen ligg fint til på Raudeberg, med utsikt over Ulvesundet og Raudeberg sentrum. Tomta ligg også fint til i kanten av naturområde.

Dersom skulen blir nedlagt vil det vere viktig å ta vare på store delar av ute-anlegget som nærmiljøanlegg for nærområdet. Ute-anlegget har stort potensiale for å bli vidareutvikla som aktivitetsanlegg og samlingsplass for Raudeberg. Dersom skulen blir avvika, er det viktig at det blir sett av midlar til utvikling av området. Ei slik utvikling bør gjerast i samarbeid med dei som bur i nærområdet.

Skulebygget med parkeringsområde og tilkomstområde på framsida, vil egne seg godt som leilegheiter eller hyblar. Dette betyr at bygget med tilstrekkeleg areal rundt kan bli skilt ifrå tomta og seld som eit utviklingsprosjekt for bustader. Kommunen er i ferd med å slutføre arbeidet med kommuneplanen sin arealdel. I denne planen kan det leggjast inn ei føring om at bygningsmassen kan nyttast som bustad, dersom skuleverksemda blir flytta. På den måten sikrar kommunen, ved eit sal, at bygga blir nytta til bustad.

Marknaden bør få avgjere kva for type leilegheiter og målgruppe som er mest realistisk å selje på denne tomta. Det er mogleg å tenke seg at det kan vere eit potensiale for mindre einingar, som kan nyttast som alternativ til t.d. brakkebustader, som det er ein del av på Raudeberg i dag. Ei omgjerding av skulebygget til denne målgruppa vil kunne gje langt høgare bukvalitet, enn ein brakkerigg. Eller det kan vere at det er føremålstenleg med ein anna type bustader. Dette bør ikkje kommunen ha for sterke føringar på, men i første rekke sikre, gjennom arealplanen at bygget i framtida blir nytta til bustad.

Krokane skule

Krokane skule ligg sentralt på Krokane. Krokane er i kommunedelplan for Florelandet – Brandsøy definert som bydelssenter. Dette inneberer mellom anna at det er meir enn 5000 innbyggjarar som soknar til denne bydelen. Torvmyrane er ein del av dette befolkningsgrunnlaget. Skule innanfor området er ein del av definisjonen for eit bydelssenter. I og med at Torvmyrane skule skal bestå i området, vil framleis området vere eit bydelssenter. Med skule, barnehagar, butikkar mm.

Skulebygget er veldig nedslite og har avgrensa verdi som bygg. Området der skulen ligg, er innanfor eit flott grøntområde i eit elles ganske tett utbygd område. Det grøne preget på området bør uansett bestå, ved ei avvikling av skuledrifta. Dette er eit verdifullt område for heile bydelen og barnehagen.

Området er såpass stort, at det i tillegg til å ta i vare mykje grønt og aktivitetsområde for lek og idrett, også kan vere rom for ein del bustader. I kor stort omfang og på kva måte kan bere avgjerast gjennom ein planprosess. Difor bør kommunen ved ei avvikling sette av midlar til planlegging av området. Ei slik planlegging bør starte med eit moglegheitstudie, gjerne utforma som ein konkurranse, der ein får fram kvalitetar og ulike moglegheiter for utvikling av området. Innbyggjarane i nærområdet må delta i slike prosessar. Etter gjennomført planprosessar, kan det vere mogleg å skilje ut og selje delar av området. Medan dei grøne aktivitetsområda framleis bør vere i kommunalt eige.

Stavang skule

Skuleanlegget ligg sentralt i grenda. Når det ikkje er skuledrift i anlegget lenger, er det viktig å finne ei framtidig løysing for anlegget, som er positivt for lokalsamfunnet i

Stavang.

Det ligg ei avtale i botn om skuleanlegget mellom grendalaget og kommunen. Framtidig bruk av anlegget må difor basere seg på ei avtale mellom grendalaget og kommunen. Før ein kan inngå ei avtale, må det gjennomførast ein prosess for å finne skuleanlegget sin «plass» i Stavang. Særleg er det viktig å sjå dette opp mot innspel til kommuneplanen sin arealdel, kor det ligg ei omfattande satsing på utvikling i Stavang i botn. Som ein del av avviklinga av skuledrifta bør det settast av midlar til utvikling av anlegget.

Økonomiske konsekvensar:

Det er fleire høyringsinnspel knytt til nedlegging av Raudeberg skule som stiller spørsmålsteikn ved samanhengen med å legge ned skulen av økonomiske årsaker for så å låne pengar til å bygge ein ny skule (Nye Skram skule).

Innstilling til skulestruktur legg til grunn:

- ny skule i Måløy
- gradvis rehabilitering av Skavøypoll skule gjennom avsetninga i økonomiplan til kommunale bygg
- rehabilitering av Florø barneskole.

Kommunestyret har lagt til grunn investeringane i k.sak 087/24. Finansutvalet hadde saka til orientering i september (sak 022/24). Investeringsplanen legg opp til:

- ferdigstilling av Skram skule i løpet av hausten 2026
- oppstart investering på Florø barneskole 2027 med ferdigstilling våren 2028

Florø barneskole treng ny gymsal/idrettshall og bygningsmessige oppgraderingar for å sikre funksjonelt areal for elevar og tilsette. Ved å gjere desse naudsynte investeringane vil ein samstundes kunne ta imot fleire elevar ved skulen fordi elevtalet går ned.

Tilstanden på Florø barneskole og Krokane skule er ikkje tilfredsstillande. I løpet av få år må skulane oppgraderast og rehabiliterast om ein skal vidareføre drifta. Skulane er i mindre grad funksjonelle ut frå dagens pedagogiske prinsipp, og begge bygga treng ei generell oppgradering. På bakgrunn av vedtak i Oppvekst og kulturutvalet (sak 024/24) har Norconsult utarbeidd eit eige vedlegg som oppdaterer rapporten frå november 2023. Denne låg ved høyringsutkastet til temaplan for oppvekst og kommuneplanen sin samfunnsdel.

Kostnadene for oppgradering av skulane er høvesvis 90 mill. kr (Krokane skule) og 191 mill. kr (Florø barneskole). Kommunedirektøren vurderer at kommunen ikkje har høve til å gjennomføre begge investeringane og tilrår at ein vidarefører drifta av Florø barneskole og avviklar drifta av Krokane skule.

Florø barneskole har ein større arealreserve til uteområde og tilleggsbygg, og ved å samle elevane ved Florø barneskole vil flest elevar få kortast veg til skulen. Elevtalsgrunnlaget i Florø sentrum er fallande. Norconsult har tilrådd moderat strukturendring i Florø sentrum og Måløy, med høvesvis nedlegging av Krokane skule og Raudeberg skule. Innstillinga til skulestruktur i kommuneplanen sin samfunnsdel byggjer på denne grunngeving.

Investeringa ved Florø barneskole gjeld gymsal, oppgradering av tekniske anlegg og rehabilitering av bygget. Tilbygg er naudsynt for å innarbeide areal til grupperom, spesialrom og garderobe for elevane. Ein byggjer på tilsvarande utforming av areal som ved Skram skule. Det er sett av midlar til planlegging i 2025 og ein må gjennomføre eit forstudie som grunnlag for ei konkret investeringsavgjerd om korleis best bruke midlar til dette bygget.

Investeringskostnadene er vurdert i forhold til levetidskostnadene (LCC). På kort sikt vil rente- og avdragskostnaden gje eit utlegg, men sett over tid vil strukturendringane gje

store, reduserte årlege kostnader, samanlikna med kostnadane ein ville fått ved å oppgradere alle skulebygga for å kunne halde fram med dagens skulestruktur.

Oversikt tiltak								
Teneste	Grunnressurs	Forvaltning, drift og vedlikehald	50% rektor	Auka skyssutgifter	100% SFO-leiar	Sparte framtidige investeringar	Årleg sparte rente og avdragsut	Total innsparing
Stavang skule	1 100 000	1 005 700	700 000	0		1 000 000	75 000	2 880 700
Krokane skule	1 100 000	3 031 180	700 000	0	800 000	87 000 000	6 525 000	12 156 180
Raudeberg skule	1 100 000	1 810 260	700 000	-255 000		6 200 000	465 000	3 820 260
	3 300 000	5 847 140	2 100 000	-255 000	800 000	94 200 000	7 065 000	18 857 140

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Om skulen sin plass i lokalsamfunnet (2016): [Lokalsamfunn av Mariann Villa og Marit S. Haugen](#): <https://issuu.com/cdundervisning/docs/lokalsamfunn-utdrag>

[litteraturgjennomgang \(2015\) Norsk senter for bygdeforskning](#):

<https://marvil.folk.ntnu.no/skoleogsmåsamfunn/wp-content/uploads/2015/12/SFTK-leveranse-22.09.15.pdf>

Færre og større skoler enn for ti år siden (2024): [Utdanningsdirektoratet si analyse](#):

<https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-grunnskole/analyser/2024/farre-og-storre-skoler-enn-for-ti-ar-siden/>

[SØF-rapport nr. 04/23: Rekruttering av lærere ved norske skoler](#):

<https://www.ks.no/contentassets/3a90bcc99419421ab01c66caeb156aa1/SOF-Rapport-4-23-006-.pdf>

[Norconsult sin rapport: Omstilling og tilpassing til endra rammevilkår](#):

<https://kinn.kommune.no/f/p1/ife5c6a44-f05a-4aa4-ab28-03603eec2e33/091123-omstilling-i-oppvekst-og-utdanning.pdf>

[Norconsult sin tilleggsrapport](#): [https://appublishframsikt-](https://appublishframsikt-staging.azurewebsites.net/planoverview/nyekinn/f11ccb19-bf4f-4883-9a06-252d5e28c5b3/planoverview-po/content/data/planmetadata-595e3498-e9a0-45bf-ad52-fac5845c3ffe/0b8e4cd8-1900-4ee4-bdb3-c35c141218be.pdf)

[staging.azurewebsites.net/planoverview/nyekinn/f11ccb19-bf4f-4883-9a06-252d5e28c5b3/planoverview-po/content/data/planmetadata-595e3498-e9a0-45bf-ad52-fac5845c3ffe/0b8e4cd8-1900-4ee4-bdb3-c35c141218be.pdf](https://appublishframsikt-staging.azurewebsites.net/planoverview/nyekinn/f11ccb19-bf4f-4883-9a06-252d5e28c5b3/planoverview-po/content/data/planmetadata-595e3498-e9a0-45bf-ad52-fac5845c3ffe/0b8e4cd8-1900-4ee4-bdb3-c35c141218be.pdf)

Skuleskyss i eit helseperspektiv (2016) [Meir skyss – mindre helse](#):

https://www.nordlandsforskning.no/sites/default/files/files/Rapport_7_2015.pdf

[Skolestørrelse og sammenhenger med elevenes trivsel og læring](#) (2022):

https://brage.inn.no/inn-xmloi/bitstream/handle/11250/2987815/Skriftserien9_22_Online.pdf?sequence=1&isAllowed=y

[Grunnloven § 104](#): [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1814-05-17-](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1814-05-17-nn/KAPITTEL_5#§104)

[nn/KAPITTEL_5#§104](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1814-05-17-nn/KAPITTEL_5#§104)

[FN sin barnekonvensjon](#):

https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/bfd/bro/2004/0004/ddd/pdfv/178931-fns_barnekonvensjon.pdf

Behandling i Kommunestyret 16.12.2024:

Kinn Høgre, foreslått av Dagrun Almenning Kvalheim, Kinn Høgre
Kinn Høgre stiller seg bak kommunedirektøren sitt framlegg i denne saka med nokre tilføyningar når det gjeld punkt 3 og 4:

Pkt. 3: Raudeberg skule vert lagt ned med verknad frå 2027, og elevane vert overført til Nye Skram skule. Dette under føresetnad om at Skram skule står ferdig og at der er kapasitet arealmessig til å ta imot elevane på ein god måte.
Sak om utgreiing av nytt opptaksområde for noverande Raudeberg skule, vert starta opp snarast.

Pkt. 4: Krokane skule vert lagt ned med verknad frå 01.08.2028, og elevane vert overført med ei prosentvis fordeling mellom Florø barneskule som tek imot om lag 70 prosent av elevane og Torvmyrane skule som tek imot om lag 30 prosent av elevane. Dette under føresetnad om at Florø barneskule står ferdig utbygd og at der er kapasitet arealmessig til å ta imot elevane på ein god måte.
Sak om utgreiing av nytt opptaksområde for noverande Krokane skule, vert starta opp snarast.

Forslag frå Raudt (oppdatert), foreslått av Daniel Erik Adrian Henriksson, Kinn Raudt
Ny punkt 4

4. Kommunedirektøren lager en ny utgreiing der resursfordelingsmodellen for grunnskulen blir evaluert. Sak legges fram våren 2026.

Nytt forslag, foreslått av Edvard Iversen, Vågsøy VenstreKinn Venstre
Fremmer vedtaket fra OK-utvalet 19.11.24

Tilleggsforslag, foreslått av Gustav Johan Nydal, Flora KrFKinn Kristelig Folkeparti
Vedr skulestruktur i Florø Sentrum så vert avgjerdsle om kva skule som skal nedleggast utsett til våren 25

Framlegg frå KrF v/repr. Nydal vart trekt.

Røysting:

Innstilling frå Formannskapet til punkt 2 om nedlegging av Stavang skule, samrøystes vedteke.

Framlegg frå Høgre v/repr. Kvalheim, tilføyninger til pkt. 3. og 4. i kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, falt med 18 røyster (5 Høgre, 1 KrF v/Nydal, 2 SP v/Eikevik og Midtbø, 2 SV, 8 AP).

Framlegg frå Raudt v/repr. Henriksson til nytt punkt 4, vedteke med 20 røyster (4 Raudt, 2 INP, 3 Venstre, 1 SP v/Kongsvik, 5 FrP, 5 Uavhengige v/Brunsvik, Olseth, Berg, Kvalheim, Hagen).

Framlegg frå Venstre v/repr. Iversen, punkt 3 i innstilling frå Oppvekst- og kulturutvalet, vedteke med 20 røyster (4 Raudt, 2 INP, 3 Venstre, 1 SP v/Kongsvik, 5 FrP, 5 Uavhengige v/Brunsvik, Olseth, Berg, Kvalheim, Hagen).

Innstilling frå Formannskapet til punkt 1 om godkjenning av temaplan for oppvekst, samrøystes vedteke.

KOST- 151/24 Vedtak:

1. Kinn kommunestyre vedtek temaplan for oppvekst 2022-2034, med prinsipp og føringar for tenesteutvikling i planperioden.
2. Stavang skule vert lagt ned med verknad frå 01.08.2025, og elevane vert overført til Florø barneskule, alternativt Eikefjord barne- og ungdomsskule. Sak om utgreiing av nytt opptaksområde for noverande

- Stavang skule, vert starta opp snarast.
3. Det vert innan våren 2026 arbeida fram grunnlag for områdeplanar for dei ulike bydelane som er omhandla i temaplan (Raudeberg, Skavøypoll, Florø Barneskule, Krokane, Torvmyrane og Brandsøy), der framtidig utnytting av områda med og utan skule vert drøfta og visualisert. Plan skal ta føre seg alle samfunnsforhold, som tettstadsutvikling, infrastruktur rundt objekta og tilkomst til og frå, tryggleik for barn og unge, knutepunkt, samhandling og andre funksjonar. Grunnlag må og samsvare med kommunen sin visjon om å halvere klimagassutslipp både innafor energi, transport, samt varer og tenester. Det må kome fram kostnader både økonomisk og klimamessig. Arbeidet skal ha brei involvering.
 4. Kommunedirektøren lagar ei ny utgreiing der ressursfordelingsmodellen for grunnskulen blir evaluert. Sak leggst fram våren 2026.

Behandling i Formannskapet 26.11.2024:

Forslag fremma av Høyre i OK-utvalget, foreslått av Mats Brunsvik, Kinn HøgreUavhengig Temaplan for oppvekst 2022-2024 er ein godt gjennomarbeidd plan som set tydelege mål for ein god oppvekst, eit inkluderande oppvekstmiljø og digitale ferdigheiter, men også kompetanse, rekruttering og bemanning. I tillegg set planen fokus på dei demografiske utfordringane vi står overfor med minkande barnetal og behov for omstilling i oppvekstsektoren. Krav om tiltak knytt til skulestruktur vert påpeika.

Høgre meiner her framleis er moment i saka om skulestruktur som vi ønsker å avklare før vi tek ei endeleg avgjerd. Vi ber om at saka vert sendt vidare til kommunestyret utan vedtak.

Kinn Arbeidarparti - fremmer forslag om vedtak av pkt 1 og 2 i kommunedirektørens forslag, foreslått av Doris Christensen, Kinn Arbeiderparti

1.Kinn kommunestyre vedtek temaplan for oppvekst 2022-2034, med prinsipp og føringar for tenesteutvikling i planperioden.

2.Stavang skule vert lagt ned med verknad frå 01.08.2025, og elevane vert overført til Florø barneskule, alternativt Eikefjord barne- og ungdomsskule. Sak om utgreiing av nytt opptaksområde for noverande Stavang skule, vert starta opp snarast.

Framlegg frå Høgre v/repr. Brunsvik vert trekt.

Røysting:

Innstilling frå Oppvekst- og kulturutvalet til punkt 1 vedteke mot 3 røyster (1 Raudt v/Henriksson og 2 FrP v/Nesje og Djuvik).

Innstilling frå Oppvekst- og kulturutvalet til punkt 3 falt med 5 røyster (2 FrP v/Djuvik og Nesje, 1 SP v/Kongsvik, 1 Raudt v/Henriksson, 1 Venstre v/Nødseth)

Framlegg frå AP v/repr. Christensen til punkt 1 vedteke mot 5 røyster (2 FrP v/Nesje og Djuvik, 1 SP v/Kongsvik, 1 Venstre v/Nødseth, 1 Raudt v/Henriksson).

Framlegg frå AP v/repr. Christensen til punkt 2 vedteke mot ei røyst frå Raudt v/Henriksson.

FORM- 113/24 Vedtak:

Kinn kommunestyre vedtek temaplan for oppvekst 2022-2034, med prinsipp og føringar for tenesteutvikling i planperioden.

Stavang skule vert lagt ned med verknad frå 01.08.2025, og elevane vert overført til Florø barneskule, alternativt Eikefjord barne- og ungdomsskule. Sak om utgreiing av nytt

opptaksområde for noverande Stavang skule, vert starta opp snarast.

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 19.11.2024:

Forslag Høgre, foreslått av Dagrun Almenning Kvalheim, Kinn Høgre
Temaplan for oppvekst 2022-2024 er ein godt gjennomarbeidd plan som set tydelege mål for ein god oppvekst, eit inkluderande oppvekstmiljø og digitale ferdigheiter, men også kompetanse, rekruttering og bemanning. I tillegg set planen fokus på dei demografiske utfordringane vi står overfor med minkande barnetal og behov for omstilling i oppvekstsektoren. Krav om tiltak knytt til skulestruktur vert påpeika.

Høgre meiner her framleis er moment i saka om skulestruktur som vi ønsker å avklare før vi tek ei endeleg avgjerd. Vi ber om at saka vert sendt vidare til kommunestyret utan vedtak.

Fellesframlegg AP/KrF/FrP/Rødt/SP/V, foreslått av Hilmar Eliasson, Kinn Venstre
Kulepunkt 3-5 utgår. Nytt kulepunkt 3

Det vert innan våren 2026 arbeida fram grunnlag for områdeplanar for dei ulike bydelane som er omhandla i temaplan (Raudeberg, Skavøypoll, Florø Barneskole, Krokane, Torvmyrane og Brandsøy), der framtidig utnytting av områda med og utan skule vert drøfta og visualisert. Plan skal ta føre seg alle samfunnsforhold, som tettstadsutvikling, infrastruktur rundt objekta og tilkomst til og frå, tryggleik for barn og unge, knutepunkt, samhandling og andre funksjonar. Grunnlag må og samsvare med kommunen sin visjon om å halvere klimagassutslipp både innafor energi, transport, samt varer og tenester. Det må kome fram kostnader både økonomisk og klimamessig. Arbeidet skal ha brei involvering.

Orientering i saka av rådgjevar Marianne Nødset og kommunalsjef Runa Nybakk.

Røysting:

Framlegg frå Høgre v/repr. Kvalheim og fellesframlegg frå AP, KrF, FrP, Raudt, SP og Venstre vert sett opp mot kvarandre. Framlegg frå Høgre v/repr. Kvalheim falt med 2 røyster frå Høgre v/repr. Kvalheim og Mortensen.

Fellesframlegg frå AP, KrF, FrP, Raudt, SP og Venstre vert sett opp mot kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak. Fellesframlegg frå AP, KrF, FrP, Raudt, SP og Venstre samrøystes vedteke.

OPKUV- 075/24 Vedtak:

1. Kinn kommunestyre vedtek temaplan for oppvekst 2022-2034, med prinsipp og føringar for tenesteutvikling i planperioden.
2. Stavang skule vert lagt ned med verknad frå 01.08.2025, og elevane vert overført til Florø barneskole, alternativt Eikefjord barne- og ungdomsskule. Sak om utgreiing av nytt opptaksområde for noverande Stavang skule, vert starta opp snarast.
3. Det vert innan våren 2026 arbeida fram grunnlag for områdeplanar for dei ulike bydelane som er omhandla i temaplan (Raudeberg, Skavøypoll, Florø Barneskole, Krokane, Torvmyrane og Brandsøy), der framtidig utnytting av områda med og utan skule vert drøfta og visualisert. Plan skal ta føre seg alle samfunnsforhold, som tettstadsutvikling, infrastruktur rundt objekta og tilkomst til og frå, tryggleik for barn og unge, knutepunkt, samhandling og andre funksjonar. Grunnlag må og samsvare med kommunen sin visjon om å halvere klimagassutslipp både innafor energi, transport, samt varer og tenester. Det må kome fram

kostnader både økonomisk og klimamessig. Arbeidet skal ha brei involvering.

Behandling i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 18.11.2024:

Presisering frå råd for menneske med nedsett funksjonsevne, foreslått av Weronica Nilsen Toftesund, Kinn Venstre

Det er enkelte krav som må innfris før Krokane skule kan nedlegges. Flora Barneskule må få plass ny gymsal, flere grupperom og være ihht krav om universell utforming. Dette er viktig for elevene som trenger tilrettelagt opplæring og som er avhengig av universell utforming, og trengs for å sikre det psykososiale miljøet til alle elever på en god måte.

Kommunalsjef Runa Nybakk orienterte.
Rådet drøfta saka.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedtatt inkludert presiering frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

RMNF- 043/24 Vedtak:

1. Kinn kommunestyre vedtek temaplan for oppvekst 2022-2034, med prinsipp og føringer for tenesteutvikling i planperioden.
 2. Stavang skule vert lagt ned med verknad frå 01.08.2025, og elevane vert overført til Florø barneskule, alternativt Eikefjord barne- og ungdomsskule. Sak om utgreiing av nytt opptaksområde for noverande Stavang skule, vert starta opp snarast.
 3. Raudeberg skule vert lagt ned med verknad frå 2027, og elevane vert overført til Nye Skram skule. Sak om utgreiing av nytt opptaksområde for noverande Raudeberg skule, vert starta opp snarast.
 4. Krokane skule vert lagt ned med verknad frå 01.08.2028, og elevane vert overført med ei prosentvis fordeling mellom Florø barneskule som tek imot om lag 70 prosent av elevane og Torvmyrane skule som tek imot om lag 30 prosent av elevane. Sak om utgreiing av nytt opptaksområde for noverande Krokane skule, vert starta opp snarast.
 5. Nedlagde skulebygg skal i framtida ikkje nyttast til skuleføremål. Det vert arbeidd vidare med alternativ bruk i samsvar med saksframlegget.
- Presisering frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne:
Det er enkelte krav som må innfris før Krokane skule kan nedlegges. Flora Barneskule må få plass ny gymsal, flere grupperom og være ihht krav om universell utforming. Dette er viktig for elevene som trenger tilrettelagt opplæring og som er avhengig av universell utforming, og trengs for å sikre det psykososiale miljøet til alle elever på en god måte.

Vedlegg i saken:

Samfunnsplan, budsjett og kommuneøkonomi - Særlig om forholdet mellom Skram og Raudeberg skoler - virkninger for elever, tettsteder og kommuneøkonomi
Høyringsuttale - Temaplan for oppvekst 2022-2034
Høyringsuttale - Temaplan for oppvekst 2022-2034 - Strukturtiltak i oppvekstsektoren
Høyringsuttale - Temaplan for oppvekst 2022-2034 - FAU Nepjarhaugen barnehage
Høyringsinnspel - oppsummering
Høyringsinnspel - Foreldregruppene ved Skavøypoll barnehage
Fråsegn - offentlig høyring - Kinn - Temaplan for oppvekst 2022-2034
Høyringsuttale - Temaplan for oppvekst 2022-2034
Sak frå FAU Krokane skule - Nei til nedlegging av Krokane skule på feil grunnlag



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 24/49525
Sakshandsamar: Roald Leivestad
Dato: 05.11.2024

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
010/24	Administrasjonsutvalet	18.11.2024
152/24	Kommunestyret	16.12.2024
	Formannskapet	

KS debathefte 2025

KOST- 152/24 Vedtak:

Formannskapet får fullmakt til å sende innspel til KS fylkesmøte.

Vedtak som innstilling frå Administrasjonsutvalet - 18.11.2024

Administrasjonsutvalet ber kommunestyret drøfte saka, og vedta vidare prosess for kommunen sine innspel

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utvalet innstiller på ein kort kafedialog som tema på første kommunestyremøte i 2025 og vedtak i saka på andre kommunestyremøte.

Bakgrunn for saka:

KS Debatthefte 2025 handlar om forventningsgapet og tariffoppgjeret. KS ber alle kommunar gje innspel.

Saksopplysningar:

Utsending

1. november sendast debathefte 2025 ut til alle kommunar og fylkeskommunar på e-post. Det er ulike fristar for de ulike regionane, tilpassa tidspunkt for strategikonferansar og fylkesmøte. KS sender ut formidlingsstøtte som presentasjon og innleiing til saksgrunnlag, som begge bør tilpassast lokalt. KS anbefaler at debatheftet blir behandla politisk.

Det er og laga to filmar. I den eine gir områdedirektør for samfunn, velferd og demokrati, Helge Eide, ein [introduksjon til forventningsgapet](#). I den andre forklarar områdedirektør for arbeidsliv, Tor Arne Gangsø, [det mest grunnleggande om mellomoppgjeret](#). Filmane kan nyttast som ei innleiing til diskusjon.

Vedtak i kommunestyret

I perioden fra januar – februar 2025 vil kommunar fatte eigne vedtak med svar på spørsmåla i debathefte. I Kinn kommune vert det i møtet xx.xx.2025. Vedtaka vil bli sendt inn via ei svarlenke til KS' regionkontor.

Vurderingar:

«KS spør

Folkevalgte

1. Hvordan kan dere som folkevalgte redusere og håndtere forventningsgapet gjennom aktiviteten i de politiske organene (kommunestyre/fylkesting og underliggende organer) og samspillet med administrasjonen?

2. Hvordan kan KS bistå i dette arbeidet i den enkelte kommune og fylkeskommune?

Innbyggere

3. Hvordan kan dere som folkevalgte bidra til å skape forståelse i befolkningen og lokalsamfunnet for at ressursene er begrenset og at dette tvinger frem tøffere prioriteringer og alternative løsninger?

Nasjonale myndigheter

4. Hva vil være de viktigste budskapene KS kan bringe inn i dialogen med nasjonale myndigheter for å redusere statlig detaljstyring, gi mer fleksibilitet og øke handlingsrommet lokalt innenfor velferdsområdet? Her ønsker KS også innspill og eksempler på hva som utfordrer handlingsrommet lokalt, herunder lovkrav/ forskrifter, rundskriv/veiledere, normer/kompetansekrav, tilsyn/kontroll, ny ansvarsfordeling mellom kommune/fylkeskommune/stat, kompetanse og kapasitetsstøtte og liknende.»

KS spør

Mellomoppgjøret 2025

5. Hvilke innspill har din kommune/fylkeskommune til KS i forkant av mellomoppgjøret 2025, knyttet til for eksempel økonomisk ramme, prioriteringer, sentrale eller lokale lønnstillegg og liknende?

Strategisk utvikling av avtaleverket

6. Dagens garantilønnssystem gir stillingsgrupper med samme kompetansekrav lik sentral garantilønn, uavhengig av tjenestekområde. Ivaretar dette garantilønnssystemet kommunens/fylkeskommunens behov, og er det et ønske om at det videreføres?

7. Hva bør KS prioritere i utviklingen av avtaleverket for å møte framtidens arbeidskraftutfordringer og sikre forsvarlige tjenester? Det kan for eksempel handle om omstilling, ulike arbeidstidsordninger, oppgavedeling og bruk av kompetanse, tiltak for å redusere fravær og andre tiltak for å bruke arbeidskraftressursene best mulig, eller liknende.»

Økonomiske konsekvensar:

Å arbeide samla som kommunar styrker vår argumentasjon og dermed forhandlingskraft andsynes nasjonale myndigheter. God forankring i alle kommunar og fylkeskommuner er avgjerande for at KS skal lykkast som ein samlande arbeidsgjevarorganisasjon, ein relevant interessepolitisk aktør og utviklingspartner.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Kommunelova

Behandling i Kommunestyret 16.12.2024:

Fullmakt, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti
Formannskapet får fullmakt til å sende innspel til KS fylkesmøte

Røysting:

Framlegg frå FrP v/repr. Djuvik samrøystes vedteke.

KOST- 152/24 Vedtak:

Formannskapet får fullmakt til å sende innspel til KS fylkesmøte.

Vedlegg i saken:

KS-Debattheft-2025

Områdegjennomgang rammestyring av kommunene - vurdering og anbefaling
2022-46-Staa-i-norske-kommuner



Saksnr.	Utval	Møtedato
153/24	Kommunestyret	16.12.2024

Møteplan 2025 - korrigert

KOST- 153/24 Vedtak:

Formannskapet 6. mars vert flytta til 4. mars.
Finansutvalet 6. mars vert flytta til 4. mars.
Valstyret 6. mars vert flytta til 4. mars.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet 6. mars vert flytta til 4. mars.
Finansutvalet 6. mars vert flytta til 4. mars.
Valstyret 6. mars vert flytta til 4. mars.

Bakgrunn for saka:

Møteplan 2025 for Kinn kommune vart vedteke i kommunestyremøte 14.11.2024. Representant Djuvik (FrP) har i etterkant sendt e-post om at det i vedteke møteplan ikkje er teke høgde for KS Vestland sin strategikonferanse og fylkesmøte, som er samtidig som møte i Formannskapet, Finansutvalet og Valstyret.

Saksopplysningar:

Møteplan for 2025 vart vedteke i K-sak 140/24 i møte 14.11.2024. KS Vestland sin strategikonferanse er sett opp 05.-06.03.2025, og KS Vestland sitt fylkesmøte er sett opp 06.03.2025. Kommunestyret har i møteplan 2025 vedteke møter i Formannskapet, Finansutvalet og Valstyret 06.03.2025.

Representantar frå Kinn kommune deltek på både strategikonferansen og fylkesmøtet.

Vurderingar:

Kinn kommune har fleire representantar på fylkesmøtet og strategikonferansen til KS, og det vil difor vere uheldig å ha politiske møter i kommunen på same dato.

Kommunedirektøren rår difor til å endre møtedatoen 06.03.2025 for Formannskapet, Finansutvalet og Valstyret til 04.03.2025. På denne datoen er det ikkje sett opp andre politiske møter i møteplanen for 2025.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen økonomiske konsekvensar.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Behandling i Kommunestyret 16.12.2024:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

KOST- 153/24 Vedtak:

Formannskapet 6. mars vert flytta til 4. mars.

Finansutvalet 6. mars vert flytta til 4. mars.

Valstyret 6. mars vert flytta til 4. mars.

Vedlegg i saken:

Møteplan 2025 -Utkast pr 02.12.2024

Møteplan 2025 - saksframlegg K-møte 14.11.2024



Saksnr.	Utval	Møtedato
048/24	Helse-, sosial- og omsorgsutvalet	19.11.2024
074/24	Oppvekst- og kulturutvalet	19.11.2024
154/24	Kommunestyret	16.12.2024

Godkjenning av delavtale Svangerskaps-, fødsels- og barselomsorga mellom Helse Førde og Kinn kommune

KOST- 154/24 Vedtak:

Kinn kommunestyret godkjenner Delavtale Svangerskap,- fødsels- og barselomsorga, mellom Helse Førde og Kinn kommune.

Siste ledd i deleavtalen punkt 9, siste linje der det henvises til punkt 14., skal det stå punkt 13.

Helse-, sosial- og omsorgsutvalet ber om ein rapport om avtalen og hvordan samhandlingen fungerer i praksis om ca. eit halvt år.

Vedtak som innstilling frå Oppvekst- og kulturutvalet - 19.11.2024

Kinn kommunestyret godkjenner *Delavtale Svangerskap,- fødsels- og barselomsorga*, mellom Helse Førde og Kinn kommune.
Tillegg til kommunedir. framlegg til vedtak.

Siste ledd i deleavtalen pkt 9 referer til pkt 14, riktig referansepunkt skal være 13, då dette er årleg evaluering før desember.
Administrasjonen tek dette opp med Helse Førde.

Vedtak som innstilling frå Helse-, sosial- og omsorgsutvalet - 19.11.2024

HSO godkjenner Delavtale Svangerskap,- fødsels- og barselomsorga , mellom Helse Førde og Kinn kommune.
Stiller samtidig spørsmål om punkt 9, siste linje der det henvises til punkt 14. Skal det stå punkt 13.

HSO ber om ein rapport om avtalen og hvordan samhandlingen fungerer i praksis om ca. eit halvt år.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommunestyret godkjenner *Delavtale Svangerskap,- fødsels- og barselomsorga*, mellom Helse Førde og Kinn kommune.

Bakgrunn for saka:

Det er pågåande revideringsarbeid av delavtalar mellom Helse Førde og kommunane. Det

vert med dette lagt fram *Delavtale Svangerskap,- fødsels- og barselomsorga* for politisk godkjenning.

Kommunedirektøren signerer elektronisk på vegne av Kinn kommune, i etterkant av politisk godkjenning.

Saksopplysningar:

Helse Førde og kommunane inngjekk i 2022 overordna samarbeidsavtale som regulerer samarbeidet mellom partane. Dette er i samsvar med lov om kommunale helse- og omsorgstenester av 14.06.11 § 6-1 mfl. og spesialisthelsetenestelova § 2-1e, 2. ledd,

Ulike delavtalar skal reviderast i samsvar med endringar i lovverket og som følgje av etablering av Sogn og Fjordane helsefellessap.

Delavtale Svangerskap,- fødsels- og barselomsorga er handsama i avtaleutvalet, fagleg samarbeidsutval og strategisk samarbeidsutval. Delavtalen er sendt til kommunane for godkjenning.

Vurderingar:

Delavtale Svangerskap,- fødsels- og barselomsorga er handsama i avtaleutvalet, fagleg samarbeidsutval og strategisk samarbeidsutval.

Administrasjonen stiller seg positiv til delavtalen slik den ligg føre.

Økonomiske konsekvensar:

Delavtale Svangerskap,- fødsels- og barselomsorga utløyser ikkje økonomisk kostnad for Kinn kommune.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Lov om kommunale helse- og omsorgstenester
Spesialisthelsetenestelova

Behandling i Kommunestyret 16.12.2024:

Venstre v/repr. Seljeseth ønskjer eit punkt om samhandling mellom jordmor og fastlege. Kommunedirektøren svarar at det bør takast opp i utvalet med spørsmål om korleis dette handterast.

Røysting:

Innstilling frå Helse-, sosial- og omsorgsutvalet samrøystes vedteke.

KOST- 154/24 Vedtak:

Kinn kommunestyrestyret godkjenner *Delavtale Svangerskap,- fødsels- og barselomsorga*, mellom Helse Førde og Kinn kommune.

Siste ledd i deleavtalen punkt 9, siste linje der det henvises til punkt 14., skal det stå punkt 13.

Helse-, sosial- og omsorgsutvalet ber om ein rapport om avtalen og hvordan samhandlingen fungerer i praksis om ca. eit halvt år.

Behandling i Helse-, sosial- og omsorgsutvalet 19.11.2024:

Forslag fra HSO, foreslått av Anita Eikevik, Kinn Senterparti
HSO godkjenner *Delavtale Svangerskap,- fødsels- og barselomsorga* , mellom Helse

Førde og Kinn kommune.

Stiller samtidig spørsmål om punkt 9, siste linje der det henvises til punkt 14. Skal det stå punkt 13?

HSO ber om en rapport om avtalen og hvordan samhandlingen fungerer i praksis om ca. eit halvt år.

Merknad: I punkt 9 blir det vist til punkt 14 som ikkje finnast. Det bør HF rette opp. Dato for iverksetting bør endrast til signeringsdato, står no 01.11.24.

Røysting:

Fellesframlegg framsatt av SP v/repr. Anita Eikevik samrøystes vedteke.

HSOUV- 048/24 Vedtak:

HSO godkjenner Delavtale Svangerskap,- fødsels- og barselomsorga , mellom Helse Førde og Kinn kommune.

Stiller samtidig spørsmål om punkt 9, siste linje der det henvises til punkt 14. Skal det stå punkt 13.

HSO ber om ein rapport om avtalen og hvordan samhandlingen fungerer i praksis om ca. eit halvt år.

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 19.11.2024:

Fellesvedtak, foreslått av Hilmar Eliasson, Kinn Venstre

Tillegg til kommunedir. framlegg til vedtak.

Siste ledd i deleavtalen pkt 9 referer til pkt 14, riktig referansepunkt skal være 13, då dette er årleg evaluering før desember.

Administrasjonen tek dette opp med Helse Førde.

Det vert påpeika at det i delavtalen punkt 9, siste ledd, vert referert til punk 14. Riktig referansepunkt skal vere punkt 13, då det handlar om "årleg evaluering før desember".

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

Fellesframlegg framsett av Venstre v/repr. Eliasson samrøystes vedteke.

OPKUV- 074/24 Vedtak:

Kinn kommunestyret godkjenner *Delavtale Svangerskap,- fødsels- og barselomsorga*, mellom Helse Førde og Kinn kommune.

Tillegg til kommunedir. framlegg til vedtak.

Siste ledd i deleavtalen pkt 9 referer til pkt 14, riktig referansepunkt skal være 13, då dette er årleg evaluering før desember.

Administrasjonen tek dette opp med Helse Førde.

Vedlegg i saken:

Utkast pr. 21.11.2024 - Delavtale Svangerskaps-, fødsels- og barselomsorga



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
067/24	Plan- og miljøutvalet	20.11.2024
155/24	Kommunestyret	16.12.2024

Nye forskrifter for byggesak, oppmåling, plan og frikjøp av parkeringsplasser

KOST- 155/24 Vedtak:

Kommunestyret vedtek nye forskrifter for:

1. Forskrift om gebyr for sakshandsaming etter plan og bygningslova – Kinn kommune.
2. Forskrift om gebyr for sakshandsaming etter matrikkellova og eierseksjonsloven – Kinn kommune.
3. Reglement for praktisering av frikjøpordninga – Kinn kommune.

Vedtak som innstilling frå Plan- og miljøutvalet - 20.11.2024

Kommunestyret vedtek nye forskrifter for:

1. Forskrift om gebyr for sakshandsaming etter plan og bygningslova – Kinn kommune.
2. Forskrift om gebyr for sakshandsaming etter matrikkellova og eierseksjonsloven – Kinn kommune».
3. «Reglement for praktisering av frikjøpordninga – Kinn kommune.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek nye forskrifter for:

1. Forskrift om gebyr for sakshandsaming etter plan og bygningslova – Kinn kommune,
2. Forskrift om gebyr for sakshandsaming etter matrikkellova og eierseksjonsloven – Kinn kommune»
3. «Reglement for praktisering av frikjøpordninga – Kinn kommune

Bakgrunn for saka:

Det ligg i dag 2 forskrifter som gjeld for sjølvkostområda i Kinn kommune. Det har difor vore naudsynt å oppdatere og endre slik at det blir ein versjon som gjeld.

Saksopplysningar:

Plan og miljø vedtok 1.10.2024 å legge forskriftene ut på høyring. Forskriftene har vore på høyring i lokalaviser og på kommunens nettsider. Høyringsfrist var 11.11.2024. Kommunen har ikkje mottatt innspel på forskriftene.

Det er meldt inn ei endring frå administrasjonen i høve gebyrarbeidet slik at reglementet for frikjøp av parkeringsplassar er endra slik at summen blir fastsett ilag med dei andre gebyrområda i kommunen. Summen vil stå i gebyrregulativet.

Vurderingar:

Kommunedirektøren vurderar at forslaga kan godkjennast slik dei ligg føre.

Økonomiske konsekvensar:

Forskriftene gjer ikkje direkte økonomiske konsekvensar for Kinn kommune. Det er det årlege gerbyrregulativet som vil ha direkte økonomisk konsekvens for kommunen.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Plan og bygningsloven

Matrikkellova

Eierseksjonsloven

Behandling i Kommunestyret 16.12.2024:

Representant Eikevik (SP) ønskjer sin habilitet vurdert, då ho er dagleg leiar i Florø parkering og har vore med i prosjektet om parkeringshus i Bankhola. Kommunedirektøren svarar at dette gjeld overordna forskrift, vanlige habilitetsreglar kjem ikkje inn i forskriftssaker. Kommunestyret vedtek samrøystes representanten Eikevik habil i saka.

Røysting:

Innstilling frå Plan- og miljøutvalet samrøystes vedteke.

KOST- 155/24 Vedtak:

Kommunestyret vedtek nye forskrifter for:

1. Forskrift om gebyr for sakshandsaming etter plan og bygningslova – Kinn kommune.
2. Forskrift om gebyr for sakshandsaming etter matrikkellova og eierseksjonsloven – Kinn kommune.
3. Reglement for praktisering av frikjøpordninga – Kinn kommune.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 20.11.2024:**Røysting:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

PMUV- 067/24 Vedtak:

Kommunestyret vedtek nye forskrifter for:

1. Forskrift om gebyr for sakshandsaming etter plan og bygningslova – Kinn kommune.
2. Forskrift om gebyr for sakshandsaming etter matrikkellova og eierseksjonsloven – Kinn kommune».
3. «Reglement for praktisering av frikjøpordninga – Kinn kommune.

Vedlegg i saken:

Reglement for praktisering av frikjøpordninga - Kinn kommune

Forskrift om gebyr for arbeid etter plan- og bygningsloven - Kinn kommune

Forskrift om gebyr for arbeid etter matrikkellova og eierseksjonsloven - Kinn kommune



Saksnr.	Utval	Møtedato
114/24	Formannskapet	26.11.2024
156/24	Kommunestyret	16.12.2024

Handlingsplan Bordgleder Kinn Kommune KF 2025

KOST- 156/24 Vedtak:

Godkjennast slik det ligger føre.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 26.11.2024

Godkjennast slik det ligger føre.

Bordgleder styre sitt framlegg til vedtak:

Godkjennast slik det ligger føre

Bakgrunn for saka:

Saksopplysningar:

Bordgleder skal levere et positivt bidrag til livskvaliteten til våre kundar, gjennom å produsere kvalitetsmessing og god mat til kundegruppene våre. Vi skal vere eit framtidsretta kjøkken og stadig tileigne oss kunnskap som gjer våre kundar ei betre matoppleving.

Etter å ha brukt tid i fleire år på å få på plass eit nytt kjøkken kan Bordgleder endeleg bruke tid og ressursar på å auke eksternt sal frå eit moderne storkjøkken. Dette er ei oppgåve som ein må bruke tid på, og der ein ikkje alltid kan hente umiddelbare resultat. Ulike bedrifter og kommunar har anbudsprosessar som vi må posisjonere oss inn mot.

Vurderingar:

Økonomiske konsekvensar:

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Behandling i Kommunestyret 16.12.2024:

Forslag frå Raudt, foreslått av Geir Ole Oldeide, Kinn Raudt
Kommunedirektøren førebur sak til kommunestyret om avviking av Bordgleder KF

Framlegg frå Raudt v/Geir Oldeide vart trekt.

Røysting:

Innstilling frå Formannskapet samrøystes vedteke.

KOST- 156/24 Vedtak:

Godkjennast slik det ligger føre.

Behandling i Formannskapet 26.11.2024:

Røysting:

Innstilling frå styret i Bordgleder KF samrøystes vedteke.

FORM- 114/24 Vedtak:

Godkjennast slik det ligger føre.

Vedlegg i saken:

0026 Handlingsplan 2025



Saksnr.	Utval	Møtedato
115/24	Formannskapet	26.11.2024
157/24	Kommunestyret	16.12.2024

Drifts og investeringsbudsjett 2025- 2028 for Bordgleder Kinn kommune KF

KOST- 157/24 Vedtak:

Godkjennast slik det ligger føre.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 26.11.2024

Godkjennast slik det ligger føre.

Bordgleder styre sitt framlegg til vedtak:

Godkjennast slik det ligger føre

Bakgrunn for saka:

Bordgleder flyttet inn i nye lokalar september 2024 og det er blitt produksjonslokale som gir de tilsette ein moderne arbeidsplass med gode tilhøvet. De nye lokalane medfører økte faste kostnader som medfører at føretaket må skaffe seg nye kundar eksternt om ikkje kostnadene blir belastast kommunebudsjettet. Husleige til Kinn Kommune utgjør kr.1.710.000.- estimert energikostnader kr. 850.000.- og rentekostnader på kr.302.000.- per år. Foretaket betaler også Kinn Kommune kr.460.00.- årleg i administrasjonskostnader for blant anna regnskapsføring, lønn og HR bistand.

Saksopplysningar:

Vurderingar:

Økonomiske konsekvensar:

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Behandling i Kommunestyret 16.12.2024:

Røysting:

Innstilling frå Formannskapet samrøystes vedteke.

KOST- 157/24 Vedtak:

Godkjennast slik det ligger føre.

Behandling i Formannskapet 26.11.2024:

Raudt v/repr. Henriksson ønskjer at posten "andre driftskostnadar" vert spesifisert før behandling i kommunestyret. Ordførar ber kommunedirektøren om å innhente informasjonen frå dagleg leiar i Bordgleder.

Røysting:

Innstilling frå styret i Bordgleder KF samrøystes vedteke.

FORM- 115/24 Vedtak:

Godkjennast slik det ligger føre.

Vedlegg i saken:

0025 Drifts og investeringsbudsjett 2025-2028 f
Forskriftsskjema 2025-2028
Svar til formannskapet i sak 115/24 26.11.2024



Saksnr.	Utval	Møtedato
030/24	Styret i Florø hamn KF	06.09.2024
117/24	Formannskapet	26.11.2024
144/24	Kommunestyret	14.11.2024
158/24	Kommunestyret	16.12.2024

Florø hamn Kinn kommune KF - Budsjett, økonomiplan og handlingsprogram 2025-2028

KOST- 158/24 Vedtak:

Handlingsplan for Florø hamn Kinn kommune KF 2025 vert godkjent som vedlagt saka. Driftsbudsjett 2025-2028 og investeringsbudsjett 2025-2028 for Florø hamn Kinn kommune KF vert vedteke som vedlagt saka.

Budsjett og økonomiplan skal samsvare med Kinn kommune sitt budsjett og økonomiplan for same periode.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 26.11.2024

Handlingsplan for Florø hamn Kinn kommune KF 2025 vert godkjent som vedlagt saka. Driftsbudsjett 2025-2028 og investeringsbudsjett 2025-2028 for Florø hamn Kinn kommune KF vert vedteke som vedlagt saka.

Budsjett og økonomiplan skal samsvare med Kinn kommune sitt budsjett og økonomiplan for same periode.

Innstilling frå dagleg leiar:

Handlingsplan for Florø hamn Kinn kommune KF 2025 vert godkjent som vedlagt saka. Driftsbudsjett 2025-2028 og investeringsbudsjett 2025-2028 for Florø hamn Kinn kommune KF vert vedteke som vedlagt saka.

Budsjett og økonomiplan skal samsvare med Kinn kommune sitt budsjett og økonomiplan for same periode.

Bakgrunn for saka:

Handlingsplan for Florø hamn KF 2025, investeringsbudsjett 2025-2028, med prognose for åra 2029-2034, samt driftsbudsjett for 2025-2028.

Saksopplysningar:

Handlingsplan 2025

Hamneplanen (2020-2040) er det overordna styringsdokumentet til Florø hamn.

Handlingsplanen er årsplanen med prioriteringar. Dei største linjene er med her, mens detaljane ligg i vedlikehaldsstyringssystemet ProResult. Målet er at handlingsplanen skal vert kort, brukarvenleg og gjennomførbar. Handlingsplan 2025 er i sin heilheit vedlagt saka.

Investeringsbudsjett 2025-2028

Som følgje av høgt investeringsnivå dei siste åra, ser vi i økonomiplanperioden at vi må roe noko ned. Auka rentenivå er krevjande, og det høge investeringsnivået vi har hatt medfører òg høge avdragsutgifter. Både avdrag og renter skal i størst mogleg grad finansierast over drift.

Vi har valt å dele opp våre planlagde investeringar i to typer; *Investeringsprosjekt* og *prosjekt for vedlikehald*.

Investeringsprosjekt.

* Gir meir inntekter /lågare utgifter enn investeringa. Vert kun inngått ved forpliktande avtaler

** Investering som indirekte gir meir inntekter på sikt (rekkefølgjekrav)

Dette gjeld følgjande prosjekt:

- | Pri | Prosjekt |
|-----|--|
| 1. | 10000 – Kjøp av areal ** |
| 2. | 10014 – Veg til offentleg kai ** |
| 3. | 10029 – Det grønne skiftet ** |
| 4. | 10012 – Flytebrygge ved Fiskerikai i Hestenes * |
| 5. | 10028 – Lager Fugleskjærkaia * |
| 6. | 80026 – Kjøp og sal av aksjer Måsholmen ** |
| 7. | 10026 – Flytte containerterminal del II ** |
| 8. | 10046 - Cruisesatsing, forprosjekt: Kr 500 000 i 2025 ** (NY) |
| 9. | 10019 – Utvide Botnastranda Aust til 150 meter * |
| 10. | 10016 – Forlenging kai C Fugleskjærkaia * |
| 11. | 80025 – Kjøp og sal av aksjer Skipskraft ** |
| 12. | 10044 – Utvide bakareal Fiskerikaia * |
| 13. | 10045 – Infrastruktur Alden * |
| 14. | 10047 - Landstrøm til cruise: kr 100 000 000 000 i 2030** (NY) |
| 15. | 10015 – Fase 2 Botnastranda |

Prosjekt med prioritering 1-3 må vere med for å sikre vidare drift, dei resterande er planer om økonomien tillet det på sikt.

Prosjekt for vedlikehald

Dette gjeld følgjande prosjekt:

- | Pri | Prosjekt |
|-----|--|
| 1. | 10034 – Dekke bakareal kai C |
| 2. | 10022 – Rehabilitering Gunhildvågen |
| 3. | 10036 – Rehabilitering under kai Gunhildvågen |
| 4. | 10039 – HMS på kaiene |
| 5. | 10041 – Båt og anlegg, utstyr |
| 6. | 10042 – Tak lagerbygg kai D |
| 7. | 10023 – Nytt dekke amtskaia |
| 8. | 10048 – Oppbevaringsbokser på kollektivterminalen.(NY) |
| 9. | 10043 – Nye flytebrygger Gjestebrygga |
| 10. | 10040 - Fasade lagerbygg kai D |

Prosjekta som har prioritet frå 1-7 må vere med for å sikre vidare drift. Prioritert 8 er for

å redusere vaktutakall/belastning på personal, samt sikre eit godt tilbod til dei reisande (då dagens løysing ikkje fungerer optimalt). Prioritering 9-10 vil bli gjennomført om økonomien tillet det. Ein må og vurdere om det er naudsynt å selje/avhende nokon av hamnas objekt for å sikre forsvarleg økonomi og drift.

Fleire av investeringsprosjekta i 2025 er flytta frå 2024. Dette pga kapasitet i organisasjonen. Dette vil også komme i revidert budsjett for 2024 (kommande sak).

Vedrørande satsing på nytt næringsareal og ny godshamn på Måsholmen, samt den vidare satsinga på Gunhildvågen-/Trolleskjærområdet er det framleis mykje uklart (politiske rammevilkår). Det pågår vidare utgreiingar om handlingsrommet for næringslivet i Gunhildvågen, som skal handsamast i kommunestyret hausten 2025. Dette gjer at det vert utfordrande å budsjettere rett, og det må truleg gjerast justeringar etter kvart gjennom revidert investeringsbudsjett. Av same årsak har vi lagt inn att fase 2 på Botnastranda i investeringsprognosa. Når det gjeld cruisesatsing vil det krevje meir budsjettmessig enn det som er lagt inn i dette budsjettet, men det er noko som forprosjekt for cruise (10046) skal synleggjere og danne grunnlag for neste års budsjettarbeid. Det er av same årsak ikkje budsjettert med auka inntekter (i driftsbudsjettet) pga cruisesatsinga.

Florø hamn ser det som uheldig at ikkje KF'et sjølv kan søkje om lånefinansiering. Dette grunna i at Florø hamn har fleire prosjekt som kvalifiserer til grønne lån og dermed lågare rentesats. Florø hamn ynskjer også fastrentebetingelser på sine lån. Fastrente skaper betre forutsigbarheit for budsjettarbeid i åra framover. Med høg investeringsaktivitet er det særskild viktig med forutsigbarheit for god økonomistyring og kontroll. Florø hamn får ikkje nytte fordelar gjennom lågare rentesats/fastrente, sjølv om vår aktivitet kvalifiserer for dette, då alle lån blir samla og går via Kinn Kommune.

Driftsbudsjett 2025-2028

For driftsbudsjettet tek vi utgangspunkt i ei generell auke på 5%, samt endringar knytt til avdrag, renter m.m. som må sjåast i samanheng med investeringsbudsjettet. Som følgje av høg investeringskapasitet ser vi auka avdrag pr år. Rentenivået er høgt, og dette får stor konsekvens på driftsbudsjettet både i 2025 og framover.

Vi ser at vi for 2025 vil ende opp med høgt meirforbruk, noko som også var budsjettert for i 2024, og dette må dekkast inn via disposisjonsfondet til Florø hamn. Meirforbruk vil vi også sjå i åra framover 2026-2028. Åra fram til og med 2022 har vore gode og vi har bygd opp disposisjonsfondet. Dette for å være styrka til å gjennomføre dei store og tunge prosjekta våre. Det vert dermed som forventa at vi nå får nokre år der vi bruker av disposisjonsfondet i staden for å bygge det vidare opp, og i tråd med tidlegare vedtak frå styret i Florø hamn Kinn kommune KF.

Vurderingar:

Økonomiske konsekvensar:

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Behandling i Kommunestyret 16.12.2024:

Røysting:

Innstilling frå Formannskapet samrøystes vedteke.

KOST- 158/24 Vedtak:

Handlingsplan for Florø hamn Kinn kommune KF 2025 vert godkjent som vedlagt saka. Driftsbudsjett 2025-2028 og investeringsbudsjett 2025-2028 for Florø hamn Kinn kommune KF vert vedteke som vedlagt saka.

Budsjett og økonomiplan skal samsvare med Kinn kommune sitt budsjett og økonomiplan for same periode.

Behandling i Formannskapet 26.11.2024:

Raudt v/repr. Henriksson bemerker at det må vere feil i saka at "landstraum skal koste 100 milliardar".

Raudt v/repr. Henriksson påpeikar at det skal stå innstilling frå styret, og ikkje dagleg leiar.

Røysting:

Innstilling frå styret i Florø hamn KF samrøystes vedteke.

FORM- 117/24 Vedtak:

Handlingsplan for Florø hamn Kinn kommune KF 2025 vert godkjent som vedlagt saka. Driftsbudsjett 2025-2028 og investeringsbudsjett 2025-2028 for Florø hamn Kinn kommune KF vert vedteke som vedlagt saka.

Budsjett og økonomiplan skal samsvare med Kinn kommune sitt budsjett og økonomiplan for same periode.

Behandling i Kommunestyret 14.11.2024:

Saka trekt frå saklista. Saka skal handsamast i formannskapet.

KOST- 144/24 Vedtak:

Ingen vedtak.

Behandling i Styret i Florø hamn KF 06.09.2024:

For 2025 startar vi med fast KPI-måling på landstraumspåkopling (dekningsgrad), sjukefråver, skader og økonomi (sistnemnte vert starta når ny økonomiarbeider er på plass).

Røysting:

Innstilling frå hamnesjefen samrøystes vedtatt.

FLHA- 030/24 Vedtak:

Handlingsplan for Florø hamn Kinn kommune KF 2025 vert godkjent som vedlagt saka. Driftsbudsjett 2025-2028 og investeringsbudsjett 2025-2028 for Florø hamn Kinn kommune KF vert vedteke som vedlagt saka.

Budsjett og økonomiplan skal samsvare med Kinn kommune sitt budsjett og økonomiplan for same periode.

Hamnestyret skal jobbe ytterlegare for å få eit positivt resultat frå og med 2026.

Vedlegg i saken:

Handlingsplan 2025

Økonomiplan, Driftsbudsjett 2025-2028

Investeringsbudsjett 2025-2028, investeringsprognose 2029-2034

Forskriftsskjema 2025-2028_v4

Hamneplan-2020-2040-revisjon-2023-justert-etter-handsaming-i-hamnestyret-03102023



Kinn kommune

Arkiv: FE-10
JournalpostID: 24/48692
Sakshandsamar: Linda Mortensen
Midtbø
Dato: 29.10.2024

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
037/24	Styret i Florø hamn KF	27.11.2024
116/24	Formannskapet	26.11.2024
159/24	Kommunestyret	16.12.2024

Revidert investeringsbudsjett Florø hamn Kinn kommune KF 2024

KOST- 159/24 Vedtak:

Revidert investeringsbudsjett for Florø hamn KF vert vedteke slik det ligg føre.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 26.11.2024

Revidert investeringsbudsjett for Florø hamn KF vert vedteke slik det ligg føre.

Innstilling frå hamnesjefen:

Revidert investeringsbudsjett for Florø hamn KF vert vedteke slik det ligg føre.

Bakgrunn for saka:

Revidert investeringsbudsjett for 2024.

Saksopplysningar:

Sjå vedlegg for total oversikt.

Ikkje alle prosjekt som vart budsjettert for i 2024 vert gjennomført, og er difor flytta til investeringsbudsjett for 2025 (sak 24/37320). Årsak til dette er faktisk kapasitet kombinert med ambisøse planar. Ved utarbeiding av investeringsbudsjett for 2024 var det usikkerhet rundt slutttoppgjer med totalentreprenør på byggeprosjektet på kollektivterminalen. Det har i tillegg vert usikkerheit rundt periodisering (2023 vs 2024) av byggeprosjektet på kollektivterminalen samt forsterking av kai D på Fugleskjærkaia. På bakgrunn av dette er naudsynt å revidere investeringsbudsjett for 2024.

Følgjande prosjekt vert utsett:

- 10012 Flytebrygge ved fiskerikai i Hestneset kr 400'.
- 10028 Lager på Fugleskjærkaia kr 5 000'.
- 10034 Dekke bakareal kai C kr 4 000'.
- 10036 Gunhildvågen rehab under kai kr 2 000'.

Følgjande prosjekt vert justert:

- 10001 Nybygg Fugleskjærkaia vert nedjustert frå kr 8 500' til kr 2 500'.
- 10009 Forsterking kai D Fugleskjærkaia vert auka frå kr 0 til kr 3 900'.

I tillegg er det lagt inn kr 10' i eigenkapitaltilskot KLP.

Økonomiske konsekvensar:

Investeringar i varige driftsmidlar for 2024 vert redusert frå kr 36 050' til kr 22 560'.
Beløp på utlån for Florø hamn i 2024 vert redusert frå kr 32 300' til kr 20 800'. Dette er
det dialog med økonomiavd. til Kinn kommune med, og er omsyntatt i Kinn kommune sin
2. tertial rapport.

Behandling i Kommunestyret 16.12.2024:

Røysting:

Innstilling frå Formannskapet samrøystes vedteke.

KOST- 159/24 Vedtak:

Revidert investeringsbudsjett for Florø hamn KF vert vedteke slik det ligg føre.

Behandling i Styret i Florø hamn KF 27.11.2024:

Samrøystes

FLHA- 037/24 Vedtak:

Revidert investeringsbudsjett for Florø hamn KF vert vedteke slik det ligg føre.

Behandling i Formannskapet 26.11.2024:

Røysting:

Innstilling frå styret i Florø hamn KF samrøystes vedteke.

FORM- 116/24 Vedtak:

Revidert investeringsbudsjett for Florø hamn KF vert vedteke slik det ligg føre.

Vedlegg i saken:

Revidert investeringsbudsjett 2024



Saksnr.	Utval	Møtedato
011/24	Styret i Havhesten Kinn kommune KF	14.10.2024
118/24	Formannskapet	26.11.2024
160/24	Kommunestyret	16.12.2024

Havhesten Kinn kommune KF - Budsjett 2025, økonomiplan 2026-2028 og handlingsprogram 2025

KOST- 160/24 Vedtak:

Budsjett 2025 m/økonomiplan 2026-2028 og handlingsprogram 2025 vert vedteke slik det ligg føre under føresetnader om at rammevilkår frå Kinn kommune vert innvilga på nytt.

Vedtak som innstilling frå Styret i Havhesten Kinn kommune KF - 14.10.2024

Eit einstemmig styre godkjenner Havhesten Kinn kommune KF sitt Budsjett 2025 med Økonomiplan 2026- 2028 og meiner at alle investeringar må nullstillast. Planlagde investeringar som utløyser finansiering som er lånebasert, må ein avvente inn til vidare. Styret vil påpeike at det er uheldig for anlegget og at det på sikt vil verte større vedlikehaldsutgifter.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 26.11.2024

Budsjett 2025 m/økonomiplan 2026-2028 og handlingsprogram 2025 vert vedteke slik det ligg føre under føresetnader om at rammevilkår frå Kinn kommune vert innvilga på nytt.

Innstilling frå dagleg leiar:

Budsjett 2025 m/økonomiplan 2026-2028 og handlingsprogram 2025 vert vedteke slik det ligg føre under føresetnader om at rammevilkår frå Kinn kommune vert innvilga på nytt.

Bakgrunn for saka:

Styret i Havhesten Kinn kommune KF vedtek budsjett 2025 og økonomiplan 2026-2028 samt Handlingsprogram 2025.

Saksopplysningar:

Budsjett 2025 er utarbeidd med rammetilføring frå Kinn kommune med kr 1 mill. Dette er viktig for å kunne ha ei stabil og forsvarleg drift. I 2024 har vi drifta Havhesten utan tilførte midlar og det har vert særskild krevjande, spesielt med tanke på HMS og forsvarlegheit. Frå 01.10.24, er stillingane teke ned 50-68 % for å redusere kostnader.

Eigenkapitalen til selskapet vert også redusert og det meste av vedlikehald satt på vent. Investeringar som utløyser ytterlegare lånebeløp kan ikkje gjennomførast slik som den

økonomiske situasjonen er. Finanskostnadane er høge og det manglar kr 10 mill i ubetalte tippemidlar. Midlane skulle vert utbetalt i 2023. Dette gjer til at finanskostnadene vil auke ytterlegare, noko selskapet ikkje kan handtere på eiga hand.

Behandling i Kommunestyret 16.12.2024:

Røysting:

Innstilling frå Formannskapet samrøystes vedteke.

KOST- 160/24 Vedtak:

Budsjett 2025 m/økonomiplan 2026-2028 og handlingsprogram 2025 vert vedteke slik det ligg føre under føresetnader om at rammevilkår frå Kinn kommune vert innvilga på nytt.

Behandling i Formannskapet 26.11.2024:

Røysting:

Innstilling frå styret i Havhesten KF samrøystes vedteke.

FORM- 118/24 Vedtak:

Budsjett 2025 m/økonomiplan 2026-2028 og handlingsprogram 2025 vert vedteke slik det ligg føre under føresetnader om at rammevilkår frå Kinn kommune vert innvilga på nytt.

Behandling i Styret i Havhesten Kinn kommune KF 14.10.2024:

Havhesten vil poengtere at tilskot av kr 1 mill. er nødvendig for ei forsvarleg drift og at Kinn kommune må dekke deler av finanskostnadane, inn til spelemidlane i si heiltheit er utbetalt.

Røysting:

Budsjett og økonomiplan, samt handlingsplan vert samrøystes godkjent slik den ligg føre, med små endringar.

HAVH- 011/24 Vedtak:

Eit einstemmig styre godkjenner Havhesten Kinn kommune KF sitt Budsjett 2025 med Økonomiplan 2026- 2028 og meiner at alle investeringar må nullstillast. Planlagde investeringar som utløyser finansiering som er lånebasert, må ein avvente inn til vidare. Styret vil påpeike at det er uheldig for anlegget og at det på sikt vil verte større vedlikehaldsutgifter.

Vedlegg i saken:

Økonomiplan 2026-2028 Havhesten Kinn kommune KF
Budsjett 2025 Havhesten Kinn kommune KF
Handlingsprogram 2025 Havhesten Kinn kommune KF
Forskriftsskjema Havhesten Kinn kommune KF



Saksnr.	Utval	Møtedato
031/24	Styret i Kinn utdannings- og ressurscenter KF	19.11.2024
122/24	Formannskapet	26.11.2024
161/24	Kommunestyret	16.12.2024

Kinn utdannings- og ressurscenter KF: Budsjett, økonomiplan og handlingsprogram 2025-2028

KOST- 161/24 Vedtak:

Budsjett, økonomiplan og handlingsprogram 2025-2028 vert vedteke slik dei kjem fram av vedlegga.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 26.11.2024

Budsjett, økonomiplan og handlingsprogram 2025-2028 vert vedteke slik dei kjem fram av vedlegga.

Budsjett, økonomiplan og handlingsprogram 2025-2028 vert vedteke slik dei kjem fram av vedlegga

Kinn kommune har busett meir enn 560 flyktningar dei siste tre åra, i hovudsak ukrainske flyktningar med midlertidig kollektiv beskyttelse. Dette er rekordhøge tal og har ført til ei stor auke i aktivitet og inntekter i form av integreringstilskot og norsktilskot. Behova i tenestene har medført store overføringar for å dekke tiltak til integrering og utgifter knytt til busettinga. Det har også vore rekordhøge dekningsbidrag til kommunebudsjettet, som er frie midlar av overskotet frå KURS KF, utan at desse har vore brukt direkte til flyktningararbeid.

I 2025 vil busettingstalet gå ned. Integreringstilskotet er også størst dei to første åra i busettingsperioden, deretter vert det ganske mykje redusert dei tre neste åra. I kombinasjon vil dette føre til ein stor nedgang i inntektene til KURS KF gjennom planperioden. Dette gir behov for ein reduksjon i aktivitetsnivå tilbake til ein meir «normal» situasjon og ein reduksjon i driftsbudsjettet for KURS KF. Det vil også vere mindre tilgjengelege midlar til tiltak i tenestene og til dekningsbidrag.

Tal på busettingar

Oppmodinga frå IMDi om kor mange flyktningar Kinn kommune vert bedt om å busette i 2025 er venta i slutten av november 2024. Dette er seinare enn normalt, og skuldast stor usikkerheit i prognosane frå *Nasjonalt utvalg for mottak og bosetting av flyktningar*. Situasjonen i verda, og spesielt utviklinga knytt til krigen i Ukraina, gjer det utfordrande å anslå kor mange som vil komme til Norge i tida framover. Regjeringa har også gjennom 2024 innført fleire innstrammingstiltak som har ført til færre flyktningar frå Ukraina, mellom anna vil ikkje lenger personar som kjem frå antatt trygge område få kollektiv beskyttelse. Samstundes har det i 2024 vore ei auke i ordinære asylsøkarar. I 2024 oppmoda IMDi kommunane samla om å busette 37 000 flyktningar. Pr. 11.11.2024 var det busett nær 22 000 flyktningar og gjort avtale om ca 3000. Kinn

kommune vedtok å busette inntil 210 flyktningar i 2024, i tråd med oppmodinga frå IMDi. Pr. 12.11.2024 var det busett 152 flyktningar i Kinn og gjort avtale om 11. Det er ikkje sannsynleg at vi vil busette heile talet personar vi har vedtak om inneverande år, og i budsjettet legg vi til grunn ei busetting i 2024 på 165. For 2025 trur styresmaktene at det vil vere behov for ei samla busetting i kommunane på 18 900.

Vi ser også at tre år med rekordhøg busetting gjer at kapasiteten i Kinn for å busette nye flyktningar går ned. Det er press i tenestene og i tilgangen på bustadar. Samstundes har vi gjennom mange år med busettings- og integreringsarbeid, inkludert tre år med intensivt arbeid, bygd opp både kompetanse og strukturar i Kinn som gjer oss i stand til å halde fram med busetting på eit visst nivå i 2025 og vidare i planperioden.

Til grunn for budsjettet i 2025 ligg derfor at vi skal busette 80 flyktningar. Dette talet ligg også til grunn som årleg busetnad dei tre påfølgande åra i planperioden.

Samarbeid og økonomi

Med nedgang i talet på busettingar går også inntektene til KURS KF ned. Samstundes ser vi at behovet i mange tenester framleis vil vere høgt i 2025 og vidare i planperioden. Den største auken i utgifter samanlikna med opprinneleg budsjett for 2024 er knytt til utbetalingar via NAV. Vi har busett ein del eldre flyktningar dei siste tre åra som ikkje har rettar til andre ytingar. Desse finst det ingen statlege ordningar for, og dersom det ikkje vert endringar i opphaldsløyve eller til dømes pensjonsrettar, vil dette fortsatt vere ei stor utgift for kommunen framover.

Elles går ein del av utgiftene til NAV til supplerande sosialhjelp for å dekke levekostnader der familiar ikkje har høg nok inntekt til å betale alle utgiftene. Det er også nokre som ikkje har arbeidsinntekt. KURS KF og NAV har tett og godt samarbeid for at flest mogleg skal vere i stand til å forsørge seg sjølve og sine familiar. KURS KF finansierer to årsverk i NAV i tillegg til refusjon av ytingar.

Kinn kommune er også deltakar i det nasjonale nettverket *Flyktninger i jobb*. I 2025 vil vi vidareutvikle modellar som kan bidra til å både dekke naudsynte behov for arbeidskraft i kommunen og privat næringsliv, samt styrke kvalifiseringa av flyktningane og deira moglegheiter til varig og stabil tilknytning til arbeidslivet.

I økonomiplanen ligg det også til grunn at vi skal halde fram med drift av Solbakken asylmottak med 230 plassar. Her jobbar vi med å utnytte enno betre det potensialet som ligg i at vi har eit kommunalt asylmottak i same organisasjon som flyktningtenesta og vaksenopplæringa.

Godt samarbeid mellom alle aktørar er avgjerande for god integrering. Kommunikasjonen mellom KURS KF og fleire tenester har i 2024 ikkje vore god nok, korkje fagleg eller når det gjeld økonomi. Vi vil halde fram med å vidareutvikle arbeidsmåtar som fungerer godt mellom KURS KF og dei ulike tenestene. Spesielt vil vi fokusere på kor vi kan finne enno betre modellar for samarbeid som styrkar heilskapen i integreringa, innanfor dei økonomiske rammene.

Dekningsbidrag og overføringar

Forslaget til budsjett og økonomiplan tek høgde for dekningsbidrag på linje med det som vart vedtatt i gjeldande økonomiplan og i kommunedirektøren sitt forslag til ny økonomiplan. Som det framgår av vedlagte økonomiplan, vil dette føre til eit årleg underskot på til saman ca 20 millionar kroner over fire år. Dette gjeld etter vi tar høgde for nødvending omstilling og reduksjon i driftsbudsjettet samt reduserte overføringar til tenestene.

I økonomiplanen er det lagt opp til ei halvering av overføringar til tenestene gjennom planperioden. Nokre av desse utgiftene er direkte knytt til tal på nye busettingar, slik som hos bustadkontoret, mens andre sannsynligvis ikkje vil gå ned like raskt. Det er derfor stor usikkerheit knytt til om tenestene vil få dekkja sine reelle utgifter til integreringsarbeid mot slutten av planperioden.

Underskotet er foreslått dekkja inn av det som er igjen på disposisjonsfondet for KURS KF. Det inneber at vi ikkje vil ha handlingsrom til å handtere uføresette auke i utgifter knytt til integreringsarbeidet, verken hos KURS KF eller i dei øvrige kommunale tenestene. Ein annan risiko med eit høgt dekningsbidrag er mindre rom for overføringar til konkrete behov i tenestene, noko som igjen kan vere med på å svekke kvaliteten på integreringsarbeidet. Fleire gode samarbeidsmodellar, utvikla over tid, står også i fare for

å bli avvikla.

Vurderingar

Dagleg leiar vil understreke at det planlagde dekningsbidraget i gjeldande økonomiplan og forslag til ny økonomiplan for Kinn kommune er basert på svært usikre tal. Inntektene heng tett saman med talet på busette flyktningar kvart år. Som skildra over er dette avhengig av ei rekke faktorar kommunen ikkje har noko mynde over, i tillegg til vår eigen situasjon og eigne vurderingar av kapasitet og berekraft. Vi veit heller ikkje kva endringar som kan komme i ordninga med midlertidig kollektiv beskyttelse som ukrainarane er omfatta av, noko som også vil kunne få konsekvensar for både inntekter og utgifter.

KURS KF og kommunedirektøren vil i 2025 gjennomføre ein ekstern gjennomgang av arbeidet med busetting og integrering av flyktningar i Kinn kommune. Dette trur vi vil gje verdifull innsikt og læringspunkt til korleis vi kan bli enno flinkare i integreringsarbeidet og innspel til organisering og ressursbruk. Vi vil derfor komme tilbake til om det vil vere behov for endringar i økonomiplanen etter 2025. KURS KF vil også jobbe vidare med andre inntektskjelder, inkludert prosjektmidlar og søkbare tilskotsordningar.

Behandling i Kommunestyret 16.12.2024:

Røysting:

Innstilling frå Formannskapet samrøystes vedteke.

KOST- 161/24 Vedtak:

Budsjett, økonomiplan og handlingsprogram 2025-2028 vert vedteke slik dei kjem fram av vedlegga.

Behandling i Formannskapet 26.11.2024:

Røysting:

Innstilling frå styret i Kinn utdannings- og ressurscenter KF samrøystes vedteke.

FORM- 122/24 Vedtak:

Budsjett, økonomiplan og handlingsprogram 2025-2028 vert vedteke slik dei kjem fram av vedlegga.

Behandling i Styret i Kinn utdannings- og ressurscenter KF 19.11.2024:

KURE- 031/24 Vedtak:

Budsjett, økonomiplan og handlingsprogram 2025-2028 vert vedteke slik dei kjem fram av vedlegga

Vedlegg i saken:

Om budsjettforslaget for 2025
Budsjett og økonomiplan 2025-2028
Handlingsprogram 2025
Forskriftsskjema 2025-2028 Kurs KF



Saksnr.	Utval	Møtedato
030/24	Styret i Kinn utdannings- og ressurscenter KF	19.11.2024
120/24	Formannskapet	26.11.2024
162/24	Kommunestyret	16.12.2024

Kinn utdannings- og ressurscenter KF: Revidert budsjett 2024 november

KOST- 162/24 Vedtak:

Forslaget til revidert budsjett vert godkjent slik det framgår av vedlegg.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 26.11.2024

Forslaget til revidert budsjett vert godkjent slik det framgår av vedlegg.

Forslaget til revidert budsjett vert godkjent slik det framgår av vedlegg

Styret i KURS KF har gjort to budsjettrevisjonar tidligare i 2024, i mai og i oktober. Endringane har i hovudsak vore knytt til auke i behov for overføringar til NAV samt oppjustering av prognosen for integreringstilskot. I tillegg har det vore behov for nokre mindre endringar. Det er derfor behov for ei justering av ramma, som må handsamast av kommunestyret.

I samband med budsjettrevisjon etter andre tertial for kommunebudsjettet vart det vidare avgjort at overføringa til grunnskule skal aukast med 1,8 millionar kroner. Det vart derfor avgjort å utsette handsaminga av revidert budsjett for KURS KF i kommunestyret til desembermøtet, slik at styret kunne handsame ein oppdatert budsjettrevisjon før vidare politisk behandling.

Som orientert i finansutvalet i februar, er utgiftene hos NAV betydeleg større enn det som låg til grunn for budsjett og økonomiplan vedtatt i desember 2023. Vi har også hatt tett dialog og hyppige prognoseoppdateringar gjennom året for å ha oversikt og kontroll. Basert på utviklinga til og med tredje kvartal, har vi oppjustert overføringar til NAV for 2024 til 18 millionar kroner, 12,5 millionar over opprinneleg budsjett. Det er også lagt inn auke til tolkeutgifter i kommunen og internt i KURS KF samt ei tilleggsoverføring til PPT på 350 000.

Det er vidare lagt inn 203 000 kr i investeringsbudsjett. Dette er ei oppretting av manglande avsetning til pensjon over investeringsbudsjettet samt kjøp av bil til Solbakken i 2023 som vart rekneskapsført over driftsbudsjettet.

Dei auka utgiftene er foreslått dekkja inn gjennom oppjustering av prognosane for integreringstilskot. Vi har mellom anna fått meir i særskilte tilskot i 2024 enn budsjettet, og prognosen er oppjustert med ca 8 millionar frå budsjettrevisjon i mai.

Tilsetting av ny økonomirådgjevar i august 2024 har vore svært nyttig. I tillegg til å kontrollere eigne inntekter og utgifter tettare, har vi også fått betre innsikt i bruken av integreringsmidlar i kommunale tenester. Styrking av ressursar til økonomistyring gjer

også at vi får betre og meir presise prognosar for framtidige tilskot. Vi har også justert ned lønnsbudsjettet og andre driftsutgifter noko. Endeleg beløp for integreringstilskot i 2024 får vi ikkje før året er omme, men slik det ser ut i november vil KURS KF ha om lag like store utgifter som inntekter inneverande år.

Behandling i Kommunestyret 16.12.2024:

Røysting:

Innstilling frå Formannskapet samrøystes vedteke.

KOST- 162/24 Vedtak:

Forslaget til revidert budsjett vert godkjent slik det framgår av vedlegg.

Behandling i Formannskapet 26.11.2024:

Røysting:

Innstilling frå styret i Kinn utdannings- og ressurscenter KF samrøystes vedteke.

FORM- 120/24 Vedtak:

Forslaget til revidert budsjett vert godkjent slik det framgår av vedlegg.

Behandling i Styret i Kinn utdannings- og ressurscenter KF 19.11.2024:

KURE- 030/24 Vedtak:

Forslaget til revidert budsjett vert godkjent slik det framgår av vedlegg

Vedlegg i saken:

Revidert budsjett november 2024

Forskriftsskjema KURS KF 14.11.2024 revidert budsjett



Kinn kommune

Arkiv: FE-151
JournalpostID: 24/51622
Sakshandsamar: Linda Nipen
Dato: 19.11.2024

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
119/24	Formannskapet	26.11.2024
163/24	Kommunestyret	16.12.2024

Kinn kommune - Budsjett, økonomiplan og handlingsprogram 2025-2028

KOST- 163/24 Vedtak: Budsjettvedtak

1. Kommunestyret vedtar formannskapet sitt framlegg til økonomiplan og handlingsprogram 2025–2028, med dei endringar som går fram av dette vedtaket.

2. Økonomiplan drift 2025-2028 vert vedteke i samsvar med formannskapet sitt framlegg til Bevillingsoversikter – drift, skjema 1a og 1b (§ 5-4), med dei endringar som går fram av dette vedtaket:

Drift						
Tenesteområde/gruppering	Tiltak	2025	2026	2027	2028	Endringsbeskriving
Sentraladministrasjon	Prosjekt bemanning, saldering utover krav	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000	
Sentraladministrasjon	Redusert ramme anskaffing	0	-2 000	-2 000	-2 000	Innkjøpsavdelinga vert ytterlegare redusert.
Sentraladministrasjon	Rekrutteringsmidlar	-300	-300	-300	-300	
Sentraladministrasjon	Ny heimeside	0	-300	0	0	Sjåast i samanheng med prosjekt for å nytte meir KI
Sentraladministrasjon	Effektivisering	-1 050	-2 100	-2 100	-2 100	Kommunestyret syner til at store prosessar som kommuneplanens samfunnsdel, arealdel, samt reguleringar og prosjektering knytt til investeringsprosjekta Skram skule, Albertatunet og brannstasjonar går mot slutten. Kommunestyret legg til grunn at dette i samband med verbalpunkt om prosjekt-avdelinga fører til innsparingar i sentraladministrasjonen.
Sentraladministrasjon	Samla innsparing ved bruk av KI og nye innovative løysingar	200	-600	-2 000	-4 500	I tillegg til øvrige tradisjonell omstilling, så skal Kinn kommune ta i bruk kunstig intelligens (KI) på flest moglege område, slik at ein kan redusere lønnskostnader og effektivisere drift og tenesteyting. Dette vil gjere det mogleg å vri ressursinnsatsen som krev tilsette, over til omsorg og oppvekst. KI er i stor utvikling, og ein må møte dette offensivt. I tillegg kan dette føre til reduserte kostnader for ålmenta, ved at ein får ein slankare administrasjon og med det kan ta ned eigedomsskatt, avgifter, sakshandsamingsgebyr mv. Kinn kommune skal etablere eit prosjekt der ein ser på nye digitale- og KI løysingar for å løyse fleire administrative oppgåver i verksemda. Innsparinga leggst på sentraladministrasjonen men kan fordelast ut i einingane basert på kor ein hentar dei økonomiske innsparingane. Prosjektet skal innhente erfaringar frå kommunar og fylkeskommunar som har tatt i bruk og fått effekt av løysingane.
Sentraladministrasjon	Tiltak 10 Reduksjon 0,5 årsverk frå 2025/2026	-166	-322	-322	-322	0,5 årsverk rekneskapsavdelinga, naturleg avgang. Stillingressursen erstattast ikkje.
Barnehage	Rullerande barnehageopptak	1 500	1 500	1 500	1 500	Private barnehagar kan tilby kapasitet for å sikre rullerande barnehage-opptak. Kommunedirektøren skal legge fram ei sak om korleis kommunen kan tilby rullerande barnehage-opptak ved bruk av plassar i dei private barnehagane
Barnehage	AK Oppvekst Tiltak 05 Redusere ressurs til born med særskilde behov	400	400	400	300	
Barnehage	AK Oppvekst Tiltak 02 Endre pedagogiskning	100	100	200	300	
Barnehage	AK Oppvekst Tiltak 03 Redusere adm./leiarressurs i barnehage	0	50	50	100	
Barnehage	AK Oppvekst Tiltak 04 Redusert ressurs til minoritetsspråklege born	1 058	1 008	908	858	Reversering etter vedtak statsbudsjett
Grunnskule	Redusert ramme grunnskule	9 000	6 130	5 130	5 130	
Grunnskule	AK Oppvekst Tiltak 12 Omstilling SFO - redusert bemanning 1:1	1 000	2 500	2 500	2 500	
Grunnskule	AK Oppvekst Tiltak 13 Omstilling SFO - redusert opningstid	200	470	470	470	
Grunnskule	AK Oppvekst Tiltak 09 Strukturtiltak Krokane skule	0	0	0	2 346	
Grunnskule	AK Oppvekst Tiltak 09 Strukturtiltak Raudeberg skule	0	0	3 610	3 610	
Grunnskule	Statsbudsjettet: Styrking SFO	741	1 300	1 300	1 300	
Kommunehelse	Behalde jordmavakta	500	500	500	500	
Pleie og omsorg	Auka grunnbemanning omsorgssektoren	0	1 500	2 000	2 500	
Barnevern	AK Oppvekst Tiltak 16 Omstilling i barnevern	3 000	5 300	5 300	5 300	
Kultur, fritid og kyrkje	Redusere tilskot kirka	100	200	200	200	
Kultur, fritid og kyrkje	Auka tilskot til idrett og frivillighet	1 000	1 000	1 000	1 000	Auka tilskot til idrett og frivillighet, for å gjere det lettare for fleire å ta del i fritidsaktivitetar. Dette vil venteleg gje innsparingseffekt, men denne er med vilje ikkje lagt inn. OK-utvalet får sak om korleis dette skal gjennomførast.
Kultur, fritid og kyrkje	Etablering av kulturfond	546	2 500	3 500	4 500	tillegg til den generelle styrkinga av kulturfeltet gjennom enkelttiltak som er lagt inn, vil ein frå 2026 ha etablert eit kulturfond. Inntekter frå SFE mv. kan brukast til føremålet. Kommunedirektøren kjem tilbake i 2025 med sak om innretning for kulturfondet, kva føremål som skal prioriterast mv.
Kultur, fritid og kyrkje	Fartøyvern	50	50	50	50	
Kultur, fritid og kyrkje	Kinnaspelet	75	90	100	125	
Kultur, fritid og kyrkje	Måløyraidsenteret	50	100	150	200	
Kultur, fritid og kyrkje	Redusert halleige	375	1 000	1 000	1 000	
Kultur, fritid og kyrkje	Svanøy stiftelse	100	100	100	100	
Næring og samferdsle	Netto konsesjonskraft	-2 000	-3 000	-3 000	-4 000	
Næring og samferdsle	Driftstilskot Visit Fjordkysten og Sunnfjord	-100	-100	-100	-100	Kr 100.000 av tilskotet til Visit Fjordkysten og Sunnfjord vert øyremerka auka i tilskot til turistinformasjonen i Måløy, slik at den totale løyvinga vert kr 250.000 til turistinformasjonen i Måløy.
Næring og samferdsle	Tilskot Midtvegen	20	20	20	20	
Næring og samferdsle	Turistinformasjon Måløy	100	100	100	100	Kr 100.000 av det auka tilskotet til Visit Fjordkysten og Sunnfjord vert øyremerka auka i tilskot til turistinformasjonen i Måløy, slik at den totale løyvinga vert kr 250.000 til turistinformasjonen i Måløy.
Finans (Reservert løyving)	Reservert løyving - buffer omstilling årsverk	-9 000	-6 000	-3 000	0	
Finans (Reservert løyving)	IKT Nordfjord, årleg auka	-1 000	-2 000	-4 000	-6 000	
Sentrale inntekter	Rammetilskot	-5 499	-9 828	-11 828	-13 828	
Netto finansutgifter og inntekter	Renteutgifter	0	-240	30	-1 304	
Netto finansutgifter og inntekter	Avdragsutgifter	0	-249	21	-1 392	
Avsetningar og årsoppgjerdisposisjonar	Avsetning disposisjonsfond	0	2 121	0	2 837	
Avsetningar og årsoppgjerdisposisjonar	Bruk av disposisjonsfond	0	0	-489	0	
Sumendring drift		0	0	0	0	

3. Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele lønsreserven, sentral avsetting til pensjon og buffermidlar, frå reservert løying til dei enkelte tenesteområda.
4. Økonomiplan investering 2025-2028 vert vedteke i samsvar med formannskapet sitt framlegg til Bevillingsoversikter – investering, skjema 2a og 2b (§ 5-5), med dei korreksjonar som går fram av dette vedtaket:

Investeringar						
Tenesteområde/gruppering	Investering	2025	2026	2027	2028	Endringsbeskriving
Sentraladministrasjon	Infoskjermar - kjøpesenter	-100	0	0	0	
Grunnskule	Skulestruktur inkl gymsal	0	0	-37 000	0	Om rådeplanar i tråd med vedtak i temaplan Oppvekst, samt skuleoppgraderingar basert på konklusjonane i om rådeplanane
Grunnskule	Lokalsamfunnsutviklingsprosjekt i samband med utgreiing av skulestruktur jmf vedtak i temaplan Oppvekst (4 skular)	750	250	0	0	
Næring og samferdsle	Vegløysing til kystmuseet	0	7 000	0	-7 000	
Bustad	Strategiske arealkjøp	-6 000	0	0	0	
Sum investeringsinntekter	Kompensasjon for meirverdiavgift	-130	-1 310	5 920	1 260	
Sum investeringsinntekter	Bruk av lån	5 480	-5 940	31 080	5 740	
Sumendring investering		0	0	0	0	

5. Kommunestyret godkjenner at det blir tatt opp lån til investeringar, konserninterne utlån og andre utlån inntil kr 540 756 626. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere avtale om opptak av lån, og til å avtale lånetidspunkt og lånevilkår (herunder løpetid), samt fullmakt til å underteikne lånedokument innafor den vedtekne låneramma.
6. Kommunestyret godkjenner at det blir tatt opp startlån i Husbanken til vidare utlån inntil kr 50 000 000. Nedbetaling av låna skal skje i samsvar med gjeldande regelverk. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere avtale om opptak av lån og til å avtale lånetidspunkt og lånevilkår (herunder løpetid), samt fullmakt til å underteikne lånedokument innafor den vedtatte låneramma.
7. Kommunestyret godkjenner at låna i låneporteføljen kan refinansierast i året. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere avtale om refinansiering av tidlegare opptatte lån til nye lånevilkår og løpetid, herunder fullmakt til å underteikne lånedokument.
8. Kommunestyret vedtek gebyr- og avgiftssatsar slik det kjem fram i innstillinga med desse endringane:

Satsane skal ikkje stige utover den generelle prisauken utan at det ligg til grunn eiga utgreiing som syner at dette er naudsynt for å dekke kostnader med dei gebyrbelagde tenestene.

Følgande nye gebyr vert ikkje innført:

- * Administrasjonsgebyr for bustader (500)
- * Gebyr for å hjelpe leigetakarar ved utelåsing (1000)
- * Gebyr for internett (499)
- * Ladestasjonar på same eigedom (21 140)

Frikjøp for krav om parkeringsplass vert sett til kr. 150 000

Handsaminga av gebyr- og betalingssatsar for seinare år skal gjerast før kommunedirektøren legg fram sitt forslag til årsbudsjett og økonomiplan.

9. Skatt på inntekt og formue blir likna ut i samsvar med dei maksimalsatsar Stortinget vedtek.
10. I medhald til Eigedomsskattelova §§ 2 og 3 skal fylgjande utskrivingsalternativ nyttast for skatteåret 2024. Eigedomsskatt skal skrivast ut på faste eigedomar i heile Kinn kommune. Generell skattesats: 5 promille, skattesats for bustad/fritid 3,3 promille. Eigedomsskatt skal normalt betalast

over 4 terminar (esktl. § 25) med same terminforfall som for kommunale avgifter. Flytebrygger skal fritakast for eigedomsskatt med heimel i § 7 bokstav a i eigedomsskattelova. Fritaket gjeld ikkje bryggeanlegg som vert drive på kommersiell basis. Det kan gjevast fritak for eigedomsskatt etter søknad for organisasjonar som driv ideell, frivillig og ikkje forretningsmessig verksemd. Søknadsbasert fritaksordning for eigedomsskatt for låginntektshusstandar innført i 2023 vert vidareført i 2025-2028.

11. Krav til finansielle måltal i 2025-2028 følgjer av økonomiplan.
12. Langsiktige krav til dei finansielle måltala vert stadfesta til
 - Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter: 2%
 - Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter: 170%
 - Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter: 8%
 - Netto rente- og avdragsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter: 11,5%
13. Før innsending av økonomiplan 2025-2028 til Statsforvaltaren skal kommunedirektøren oppdatere økonomiplan 2025-2028 i tråd med kommunestyret sitt endelege vedtak, herunder også eventuell justering mellom momskompensasjonsinntekt og låneopptak i investeringsplanen, etter import frå politikermodule til økonomiplanmodule i Framsikt.
14. Kommunedirektøren får fullmakt til å budsjettjustere inntekter og utgifter knytt til utbyggingsavtalar, forutsett at prinsippa i sak 119/21 er følgt opp.
15. Kommunedirektøren får fullmakt til budsjettregulere inntekter og utgifter der kommunen overtek tekniske anlegg, og har motteke refusjon for MVA som skal tilbakebetalast til utbyggjar.
16. Tilskot til næringsføremål, kultur og frivilligheit blir vedteke slik det går fram av tabell lagt inn i budsjettframlegget.
17. Utgifter som kommunen vil få knytt til busetting av flyktningar skal dekkast av integreringstilskotet som KURS KF mottar.
18. Stavang skule vert lagt ned med verknad frå 01.08.2025, og elevane vert overført til Florø barneskule, alternativt Eikefjord barne- og ungdomsskule. Sak om utgreiing av nytt opptaksområde for noverande Stavang skule, vert starta opp snarast.
19. I 2025 vert gjennomført ei ekstern evaluering av organisering av Kurs KF og integrering og busettingsarbeidet. Kommunedirektøren er prosjektansvarleg.
20. Dersom ikkje Vestland Fylkeskommune overtek ansvar for båtrutene skal manglande finansiering dekkjast av disposisjonsfond.
21. Kinn kommunestyre ber kommunedirektøren utgreie korleis ein kan etablere eit kulturfond i Kinn, eit fond som i neste runde kan utløyse nasjonale og regionale løyvingar.
22. **Grøne lån**
Nye grønne lån mv. og tilpassing til EU sin taksonomi kan gje rimelegare lån. Dette skal ein undersøke grundigare, gjennom KS mv.
23. **Gebyrsatser**
Maks sats for auke skal være 5 %.
24. **Intern gjenbruksorganisering**

Kinn Kommune må få i stand et bedre system som ivaretar gjenbruk av kontorutstyr mm. før utsalg til andre. Dette kan og gjelde gjenbruk av materialer og utstyr. Systemet må være transparent.

25. **Rentenivå**

Kommunestyret meiner at rentenivået som er lagt til grunn i økonomiplanen for åra framover er sett for høgt. I staden for å budsjettere med lågare renter, så ber kommunestyret om at all "rentegevinst" utover det budsjetterte nivået skal settast av på disposisjonsfond, slik at dette kan nyttast som buffer om andre inntekter eller reduserte utgifter ikkje let seg realisere.

26. **Investeringar - store prosjekt**

Kommunestyret er uroa for dei høge investeringskostnadane, spesielt knytt til dei store prosjekta Albertatunet og Skram skule. Kommunestyret ber om at ein jobbar vidare med å få ned kostnadane på prosjekta, og at det vart lagt opp til å justere ned investeringsrammene i samband med revidering av budsjett og tertialrapportar, i tråd med innsparingar. Framdrifta i prosjekta skal ikkje påverkast.

27. **Brannordning**

Kommunestyret syner til at organisering av Brann og beredskap i Kinn kommune er politisk bestemt, og at alle endringar i denne organiseringa må politisk handsamast.

28. **Nedleggelse prosjektavdeling**

Prosjektavdelingen leggst ned frå og med sommaren 2025. Behovet for nye investeringar blir mindre framover og KK leiger inn ekstern hjelp f.eks ifm Albertatunet. Nedtak medfører reduksjon tilsvarende 3 stillinger. Antatt effekt 3*700T (konservativt anslag).

29. **Kirkens bymisjon**

Kommunestyret ber om at det vert lagt fram ei sak våren 2025 om korleis Kinn kommune kan etablere og finansiere eit samarbeid med Kirkens bymisjon om deira arbeid for rusavhengige og ettervern.

Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. budsjett 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rev. budsjett 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028
<u>Investeringar i varige driftsmiddel</u>	263 219	486 455	253 445	316 745	781 321	649 393	519 040	189 140
Tilskot til andre sine investeringar	4 788	5 000	9 440	9 440	2 000	2 000	5 000	5 000
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	4 635	4 300	4 300	4 300	4 300	4 400	4 500	4 600
Utlån av egne midlar	33 428	39 853	28 318	28 318	16 300	4 710	4 200	6 160
Avdrag på lån	7 369	18 650	18 650	18 650	7 831	8 099	7 940	7 772
Sum investeringsutgifter	313 438	554 258	314 154	377 454	811 752	668 602	540 680	212 672
<u>Kompensasjon for meirverdiavgift</u>	-27 237	-69 719	-44 964	-45 198	-120 606	-91 380	-86 087	-35 757
Tilskot frå andre	-24 331	-31 912	-33 798	-34 198	-119 788	-1 800	-144 450	-7 100
Sal av varige driftmiddel	-4 597	-17 520	-10 443	-10 443	-22 770	-20 250	-9 500	-30 000
Sal av finansielle anleggsmiddel	0	0	0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne middel	-7 371	-18 650	-18 650	-18 650	-7 831	-8 099	-7 940	-7 772
Bruk av lån	-249 051	-416 456	-206 299	-268 965	-540 757	-542 673	-288 203	-127 443
Sum investeringsinntekter	-312 587	-554 258	-314 154	-377 454	-811 752	-664 202	-536 180	-208 072
<u>Vidareutlån</u>	38 275	40 000	40 000	40 000	50 000	50 000	50 000	50 000
Bruk av lån til vidareutlån	-38 275	-40 000	-40 000	-40 000	-50 000	-50 000	-50 000	-50 000
Avdrag på lån til vidareutlån	14 797	2 947	2 947	2 947	2 975	4 060	5 952	7 007
Mottatte avdrag på vidareutlån	-14 797	-2 947	-2 947	-2 947	-2 975	-4 060	-5 952	-7 007
Netto utgifter vidareutlån	0	0	0	0	0	0	0	0
<u>Overføring frå drift</u>	0	0	0	0	0	-4 400	-4 500	-4 600
Avsetningar til bundne investeringsfond	0	0	0	0	0	0	0	0
Bruk av bundne investeringsfond	-851	0	0	0	0	0	0	0
Avsetningar til ubunde investeringsfond	0	0	0	0	0	0	0	0
Bruk av ubunde investeringsfond	0	0	0	0	0	0	0	0
Dekning av tidlegare års udekkja beløp	0	0	0	0	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsetningar	-851	0	0	0	0	-4 400	-4 500	-4 600
Framført til inndekning i seinare år (udekt)	0	0	0	0	0	0	0	0

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. budsjett 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rev. budsjett 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028
Politisk leiling	11 159	7 907	8 911	9 269	8 740	8 040	8 540	7 040
Sentraladministrasjon	92 883	96 008	94 346	88 309	81 574	77 163	75 605	73 105
Felles diverse (Premieavvik)	-121 593	-6 394	37 226	37 322	-34 524	-34 524	-34 524	-34 524
Barnehage	187 114	172 916	172 217	179 293	181 740	183 837	183 978	181 369
Grunnskule	364 341	345 642	348 809	365 459	353 661	341 897	331 843	320 493
Kommunehelse	83 267	76 966	76 506	80 325	83 031	83 836	84 489	84 792
Pleie og omsorg	514 526	476 333	480 359	507 536	490 546	489 868	497 825	507 722
Barnevern	65 356	57 775	63 426	66 593	64 473	62 687	60 643	58 310
Sosialteneste	29 707	30 720	30 536	32 954	31 823	31 823	31 823	31 823
Kultur, fritid og kyrkje	57 417	48 660	48 474	50 188	50 076	48 520	48 080	49 155
Plan, byggesak og miljø	22 003	16 570	16 491	18 022	16 401	16 421	16 421	16 451
Næring og samferdsle	40 840	36 817	38 708	39 828	27 955	24 705	23 180	21 755
Bustad	6 791	2 580	5 419	6 061	2 522	-2 248	-3 334	-3 370
Brann- og ulukkesvern	29 011	27 147	28 506	30 052	28 832	29 998	27 998	27 998
Vatn, avløp og renovasjon	-29 419	-36 188	-27 996	-28 664	-30 499	-36 059	-41 398	-45 561
Finans (Reservert løyving)	-20 729	39 306	4 737	-57 816	113 664	124 663	132 165	139 665
Sum løyvingar drift, netto	1 332 675	1 392 765	1 426 675	1 424 731	1 470 016	1 450 628	1 443 335	1 436 224
Av dette:								
Avskrivninger	127 237	134 669	134 669	132 725	139 084	139 084	139 084	139 084
Netto renteutgifter og - inntekter	2 771	6 143	5 551	5 928	2 936	-134	-420	-456
Avdrag på lån	0	80	80	80	80	80	80	80
Avsetninger til bundne driftsfond	3 812	1 531	3 345	6 137	8 568	3 513	2 772	2 717
Bruk av bundne driftsfond	-8 175	-817	-817	-1 936	-1 217	-1 217	-2 182	-4 652
Avsetninger til disposisjonsfond	0	4 583	7 216	7 216	4 595	67	0	0
Bruk av disposisjonsfond	0	0	0	0	0	0	0	0
Korrigert sum løyvingar drift, netto	1 207 030	1 246 576	1 276 631	1 274 582	1 315 969	1 309 234	1 304 000	1 299 450

Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. budsjett 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rev. budsjett 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028
Investeringar i varige driftsmiddel	263 219	486 455	253 445	316 745	781 321	649 393	519 040	189 140
Tilskot til andre sine investeringar	4 788	5 000	9 440	9 440	2 000	2 000	5 000	5 000
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	4 635	4 300	4 300	4 300	4 300	4 400	4 500	4 600
Utlån av egne midlar	33 428	39 853	28 318	28 318	16 300	4 710	4 200	6 160
Avdrag på lån	7 369	18 650	18 650	18 650	7 831	8 099	7 940	7 772
Sum investeringsutgifter	313 438	554 258	314 154	377 454	811 752	668 602	540 680	212 672
Kompensasjon for meirverdiavgift	-27 237	-69 719	-44 964	-45 198	-120 606	-91 380	-86 087	-35 757
Tilskot frå andre	-24 331	-31 912	-33 798	-34 198	-119 788	-1 800	-144 450	-7 100
Sal av varige driftmiddel	-4 597	-17 520	-10 443	-10 443	-22 770	-20 250	-9 500	-30 000
Sal av finansielle anleggsmiddel	0	0	0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne middel	-7 371	-18 650	-18 650	-18 650	-7 831	-8 099	-7 940	-7 772
Bruk av lån	-249 051	-416 456	-206 299	-268 965	-540 757	-542 673	-288 203	-127 443
Sum investeringsinntekter	-312 587	-554 258	-314 154	-377 454	-811 752	-664 202	-536 180	-208 072
Vidareutlån	38 275	40 000	40 000	40 000	50 000	50 000	50 000	50 000
Bruk av lån til vidareutlån	-38 275	-40 000	-40 000	-40 000	-50 000	-50 000	-50 000	-50 000
Avdrag på lån til vidareutlån	14 797	2 947	2 947	2 947	2 975	4 060	5 952	7 007
Mottatte avdrag på vidareutlån	-14 797	-2 947	-2 947	-2 947	-2 975	-4 060	-5 952	-7 007
Netto utgifter vidareutlån	0	0	0	0	0	0	0	0
Overføring frå drift	0	0	0	0	0	-4 400	-4 500	-4 600
Avsettingar til bundne investeringsfond	0	0	0	0	0	0	0	0
Bruk av bundne investeringsfond	-851	0	0	0	0	0	0	0
Avsetningar til ubunde investeringsfond	0	0	0	0	0	0	0	0
Bruk av ubunde investeringsfond	0	0	0	0	0	0	0	0
Dekning av tidlegare års udekkja beløp	0	0	0	0	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsettingar	-851	0	0	0	0	-4 400	-4 500	-4 600
Framført til inndekning i seinare år (udekt)	0	0	0	0	0	0	0	0

Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd

1. Investeringar i varige driftsmidlar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. budsjett 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rev. budsjett 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028
Sentraladministrasjon								
Avlevering av papirarkiv til depot (78931)	0	0	0	0	2 000	2 000	0	0
Digitalisering eigedomsarkiv (78734)	4	0	-4	-4	0	0	0	0
Tilpassing administrasjonslokaler	1 578	0	350	350	0	0	0	0
Skramsheim - ny varmepumpe	0	0	4 400	4 400	0	0	0	0
IKT - infrastruktur (78698)	5 978	3 000	3 022	3 022	3 000	3 000	3 000	3 000
Nordfjordnett - IKT Nordfjord 2022 - IKT-Utstyr	414	0	0	0	0	0	0	0
Nordfjordnett - IKT Nordfjord 2023 - IKT utsyr driftssenter	10 066	0	0	0	0	0	0	0
Nordfjordnett - IKT Nordfjord 2023 - lisenser driftssenter	4 929	0	0	0	0	0	0	0
IKT Nordfjord 2024 - Lisensar	0	2 999	2 999	2 999	0	0	0	0
Microsoft								
IKT Nordfjord 2024 - IKT utstyr	0	6 625	6 625	6 625	0	0	0	0
IKT Nordfjord 2024 - Lisensar Knox, Clearpass, Papercut m.m.	0	626	626	626	0	0	0	0
Sum Sentraladministrasjon	22 968	13 250	18 019	18 019	5 000	5 000	3 000	3 000
Felles diverse (Premieavvik)								
IKT Nordfjord Nordfjordnett 2025 - Kantnett	0	0	0	0	3 750	0	0	0
Båtkran i Hjølet på Kvalheim	479	0	0	0	0	0	0	0
Tilpassing lokaler i SMS-senteret til NAV, PPT og BV	1 664	0	37	37	0	0	0	0
Ombygging NAV Måløy	0	0	0	600	0	0	0	0
Sum Felles diverse (Premieavvik)	2 143	0	37	637	3 750	0	0	0
Barnehage								
Rehabilitering Holvik Skule for barnehage (2066)	601	9 000	10 601	10 601	0	0	0	0
Nepjarhaugen - ny barnehage	31 567	0	1 000	1 000	0	0	0	0
Parkeringsplass Eikefjord barnehage	298	0	0	0	0	0	0	0
Nytt gjerde Havreneset barnehage	465	0	0	0	0	0	0	0
Nytt gjerde Storevatn barnehage	73	0	0	0	0	0	0	0
Oppgradering kjøkken i barnehagar etter plan	0	1 800	1 800	1 800	0	0	0	0
Skavøypoll BH - uteområde	0	0	0	0	1 200	0	0	0
Oppgradering Lavvo ved Eikefjord BHG	0	0	0	0	500	0	0	0
Smart investering - reinhald	0	0	0	0	300	300	300	300
Sum Barnehage	33 005	10 800	13 401	13 401	2 000	300	300	300
Grunnskule								
Oppgradering Leikeplass på Øvre Tennebo (byggesteig 2)	200	0	0	0	0	0	0	0
Steinhovden nærmiljøanlegg (78855)	360	0	-360	-360	0	0	0	0
Digitaliseringsstrategi oppvekst (78897)	1 918	2 000	1 970	1 970	2 000	2 000	2 000	2 000
Brandsøy skule-utviding (78828)	8	0	0	0	0	0	0	0

	Rekneskap 2023	Opph. budsjett 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rev. budsjett 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028
Gymsal ved Florø barneskule (78896)	0	0	618	618	0	0	0	0
Skram skule	6 910	140 000	16 090	16 090	212 000	90 700	0	0
Florø ungdomsskule - oppgradering uteområde	2 874	0	338	338	0	0	0	0
Fagbøker ny læreplan + digitale læringsressurser	2 079	2 500	2 921	2 921	2 500	2 500	2 500	2 500
Uteområde Skule Eikefjord	458	0	-195	-195	0	0	0	0
Modulskule Tennebø utviding 2022	1 163	0	148	148	0	0	0	0
Brandsøy skule og grendahus	166	1 000	857	857	0	0	0	0
Erstatning av tapt areal								
Raudeberg skule, ny sklie	157	0	0	0	0	0	0	0
Rehabilitering Solheim skule	214	0	0	0	0	0	0	0
Ledelinje Florø Barneskule	0	0	500	800	0	0	0	0
Lokalsamfunnsutviklingsprosjekt i samband med utgreiing av skulestruktur	0	0	0	0	750	250	0	0
Utviding uteområde Florø Barneskule	0	0	0	0	300	0	0	0
Skulestruktur inkl gymsal	0	0	0	0	1 000	3 000	63 000	87 000
Sum Grunnskule	16 506	145 500	22 887	23 187	218 550	98 450	67 500	91 500
Kommunehelse								
Hjelpemiddellager	435	0	0	0	100	0	0	0
Sum Kommunehelse	435	0	0	0	100	0	0	0
Pleie og omsorg								
Planlegging av omsorgsbustader og idrettshall (sjukehuset/barneskulen) (78891)	1 140	0	1 110	1 110	0	0	0	0
Allhuset Eikefjord	19	0	0	0	0	0	0	0
Utstyr/tilrettelegging for pasientrehabilitering	0	0	55	55	0	0	0	0
Ny Fløy E for Kulatoppen	544	0	-4	-4	0	0	0	0
Omsorgssenter (3039)								
Elektronisk dørlås heimetenesene (78923)	0	0	1 096	1 096	0	0	0	0
Investering i velferdsteknologi 1)	10	0	683	683	0	0	0	0
KOS- Automatisk trappegrind	0	0	200	200	0	0	0	0
Inventar og utstyr til ny E-fløy	11	0	0	0	0	0	0	0
Kulatoppen HDO + aktivitetssenter								
Inventar og utstyr til ny E-fløy	205	0	0	0	0	0	0	0
Kulatoppen Institusjonsdel - 8 plasser								
Furuhaugane inventar og utstyr	150	0	0	0	0	0	0	0
Albertatunet	7 802	48 000	35 787	35 787	270 000	365 000	349 000	0
Planlegging og implementering imatis	815	734	-81	-81	2 000	2 000	0	0
Florø omsorgssenter, SD, styring for varme, lys og ventilasjon	143	0	0	0	0	0	0	0
Varmepumpe Florø omsorgssenter	1 520	0	-120	-120	0	0	0	0
Molift takheiser på Kulatoppen	581	0	0	0	0	0	0	0
Institusjon								
Utsifting sykehussenger	0	200	300	300	200	200	200	200
Vendlet pasientvender	301	0	0	0	0	0	0	0
Gjenopning av sentralkjøken i Måløy	0	0	0	400	0	0	0	0
Ny vaskemaskin og tørketrommel i forbindelse med Tørn prosjektet	0	0	0	0	200	0	0	0
Kulatoppen								
Renovasjonsløyising Albertatunet	0	0	0	0	5 000	5 000	0	0
Sum Pleie og omsorg	13 241	48 934	39 026	39 426	277 400	372 200	349 200	200

	Rekneskap 2023	Opph. budsjett 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rev. budsjett 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028
Kultur, fritid og kyrkje								
Ordførarkjede	0	300	350	350	0	0	0	0
Fullskala fotballhall - Storhallen i vest	973	0	0	0	0	0	0	0
Dagsturhytta på Fløien	417	0	0	0	0	0	0	0
Nordfjordbadet (4060)	998	0	-498	-498	0	0	0	0
Kunstgrasdekke Eikefjord	275	0	0	0	0	0	0	0
Rehab. kyrkje, tilskot Kinn kyrkjelege fellesråd	72	0	0	0	0	0	0	0
Tak, ventilasjon, varme og røranlegg	15	0	0	0	0	0	0	0
Florø kulturhus								
Skavøypoll idrettslag- kajakknaust med sanitæranlegg	486	0	-36	-36	0	0	0	0
ENØK - tiltak på kulturhus og idrettsanlegg	1 246	0	0	0	0	0	0	0
Etablere kinokiosk og ombygging av "Foajé" i Florø kulturhus.	128	1 500	1 909	1 909	0	0	0	0
Deknepollvegen Aktivitetspark	121	0	-195	-195	0	0	0	0
Florø kulturhus	0	0	0	0	3 125	3 125	0	0
Kino: prosjektor og div kinoteknisk utstyr Florø/Måløy	0	0	0	0	800	800	0	0
Oppgradering av inventar og mindre ombygging, Florø folkebibliotek	0	0	0	0	0	200	200	0
Sum Kultur, fritid og kyrkje	4 734	1 800	1 530	1 530	3 925	4 125	200	0
Plan, byggesak og miljø								
Geovekst (Digital infrastruktur) (78695)	1 201	2 000	2 655	2 655	1 000	1 000	1 000	1 000
Klimasatsmidlar	0	0	886	886	0	0	0	0
Utbyggingsavtaler	1 065	0	-1 322	-1 322	0	0	0	0
Ferdigstilling kommuneplanens arealdel	706	0	0	0	0	0	0	0
Utkjøp bil tilsyn	-15	0	15	15	0	0	0	0
Reguleringsplanar i kommunal regi	0	1 000	472	472	1 000	1 000	1 000	1 000
Oppgradering Raudeberg sentrum	88	0	41	41	0	0	0	0
Bidrag til stiprosjektet på Lilleåsen	533	0	0	0	0	0	0	0
Molden - 2021 statleg sikra friluftsområde	241	0	0	0	0	0	0	0
Utsiktstårn Lilleåsen Florø	118	0	72	72	0	0	0	0
Flvmeldenpost Storåsen	24	0	0	0	0	0	0	0
Eablering av turstinett i kommunen	388	0	0	0	0	0	0	0
Utkikkstårn på Elljnskarshornet	670	0	0	0	7 200	0	0	0
Folkepark Salmontunet Eikefjord	1 291	-730	938	938	0	0	0	0
Miljøstranda Eikefjord	0	0	6	6	0	0	0	0
Forprosjekt servicebygg Kinn; Refvik, Kannesteinen og Kråkenes	430	0	170	170	0	0	0	0
Ferdigstille sti i austenden av Lillevatnet	312	-357	45	45	0	0	0	0
Grusveg ved Florø omsorgssenter	31	0	0	0	0	0	0	0
Enkle tiltak mot Veten for tilrettelegging	0	-119	119	119	0	0	0	0
Tursti på Vevlingen	0	-119	0	0	119	0	0	0
Maritbua i Brandsøya	157	-50	64	64	0	0	0	0
Klatrepark på Almenning	0	-50	119	119	0	0	0	0
Standal skule/ grendahus - leikeplass	0	-238	238	238	0	0	0	0
Leikeplass, gjestebygge og badestrand Fandøya	0	-119	119	119	0	0	0	0

